

Årsrapport 2016

Stavanger biskop og bispedømmeråd



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømme

Innhold

| | |
|--|----|
| I. Vurdering frå leiaren | 3 |
| II. Introduksjon til verksemda og hovudtal frå denne..... | 5 |
| Verksemd og samfunnsoppdrag..... | 5 |
| Organisasjonen | 5 |
| III. Årets aktivitet og resultat | 7 |
| Mål, indikatorar og resultat på Kyrkjerådet sine fokusområde | 7 |
| A. Gudstenestelivet blomstrar..... | 7 |
| B. Fleire søker dåp og trusopplæring..... | 21 |
| C. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet..... | 35 |
| D. Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja | 47 |
| Oppsummering..... | 51 |
| IV. Styring og kontroll i verksemda | 52 |
| Overordna vurdering av opplegg for styring og kontroll | 52 |
| Nærmore omtale av vesentlege forhold knytte til styring og kontroll: | 52 |
| Forhold departementet har bedt om særskilt rapportering på | 53 |
| V. Vurdering av framtidsutsikter..... | 56 |
| VI. Årsrekneskap | 58 |
| Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2016..... | 58 |
| Prinsippnote | 61 |
| Løyvingsrapportering..... | 61 |
| Artskonto-rapportering..... | 61 |
| Vedlegg | 68 |

I. Vurdering frå leiaren

2016 var eit år med fleire viktige hendingar i Den norske kyrkja. Endringar i heile kyrkja og førebuing av bispesifikte i Stavanger har prega året.

Biskop Erling J. Pettersen kunngjorde 8. juni at han går av med pensjon i 2017. Siste del av 2016 tok bispedømmet avskjed med biskopen og takka han for tenesta. I det media har skrive og det ordførarar og politikarar har sagt i samband med dette, har det vore tydeleg at kyrkja framleis har ein sterk posisjon. Det blir lagt merke til korleis kyrkja møter både einskildmenneske og samfunn. Ei kyrkje som ser einskildmenneske og engasjerer seg, lokalt og i stort, blir sett pris på.

Sommaren og hausten har vore prega av nominasjonsprosess for ny biskop. 9. desember blei det kunngjort at Kyrkjerådet har peika på Ivar Braut. Det var størst lokal oppslutning om prost Helge S. Gaard, prost i Karmøy, men valet av Ivar Braut har blitt motteke med tilslutning og glede.



Ivar Braut på pressekonferanse etter utnemninga

2016 var også det siste året biskop og bispedømmeråd var ein del av statsforvaltninga. Kyrkjerådet har lagt svært godt til rette for overgangen. Målet om å ikkje skapa store bølgjer blant tilsette eller medlemmar er nådd, og 1.1. 2017 var dei viktigaste systema på plass. Prosessen med å leggja til rette for dette har også vore ei prioritert oppgåve som har prega kvardagen i bispedømmeadministrasjonen.

1.1. 2016 blei det innført nye ordningar for arbeidstid for presteskapet. Dette har skapt debatt og administrative utfordringar. I stort har både arbeidsgjevar og tilsette stilt seg positive til ordninga. Me ser nokre utfordringar i forhold til lokale prioriteringar i prestetenesta. Nokre stader har prestane trekt seg meir tilbake frå institusjonsandaktar, trusopplæring eller andre deler av kyrkjelydsarbeidet, for å få tenesta til å passa i dei nye rammene. Me må særleg fylgja med på konsekvensane for arbeidet blant barn og unge, men i stort verkar det som ei tydeleg binding til normal arbeidstid let seg gjennomføra utan urimelege negative fylgjer.

Me har fylgt reaksjonane på vedtaket om innføring av vigsel for likekjønna med spenning. 4924 personar meldte seg ut av kyrkja i 2016. Dette skuldast truleg både vigselsvedakten og moglegheita for elektronisk utmelding. Det var flest utmeldingar på Nord-Jæren. Ein handfull stader har det vore nødvendig å fylgja opp kyrkjelydar spesielt. I nokre av dei kristne tradisjonane i Rogaland er det ei stor utfordring at kyrkja opnar for likekjønna vigsel, mens andre gler seg. Prostar og prestar møter stort sett endringa på ein ryddig måte. Klimaet i dialogen mellom kyrklelege leiarar er godt.

Me ser likevel få spor av denne uroa i sentrale resultatindikatorar. Samla sett kom det fleire til gudsteneste i 2016. Den gjennomsnittlege gudsteneste- og nattverddeltakinga er stabil. Ein større del av medlemmar og tilhøyrande til kyrkja (83 %) valde kyrkleleg konfirmasjon. Oppslutninga om kyrkleleg gravferd er stabil. Misjonsengasjementet i kyrkja er sterkt, mange nye blei vigsla til presteteneste og talet på frivillige medarbeidarar aukar. Tilboda innafor trusopplæring blir fleire og oppslutninga er stabil. Alt i alt er mykje av resultata for 2016 gode.

Hausten 2016 fekk me ein ny vennskapsavtale med Fianarantsoa-bispedømmet på Madagaskar. Dette går godt saman med ei levande tilknyting for mange personar og kyrkjelydar i Rogaland.

Det er særleg på to område me ser utfordringar. Dåpsprosenten fell ikkje like raskt som før, og nokre stader har dei sett positiv effekt av den regionale dåpsaksjonen. Likevel går dåpsprosenten framleis nedover. I tillegg er me bekymra for utviklinga innafor kyrkjeleg ungdomsarbeid, der tala tyder på færre tilbod og deltagarar. Dette kan igjen verka negativt på rekruttering framover.

Samla sett viser resultata for 2016 likevel at kyrkja i Stavanger bispedømme framleis står sterkt. Ho har brei og stabil oppslutning som folkekyrkje og sterke, lokale kyrkjelydar. I møte med utfordringane i 2016 har me sett at arbeidet i organisasjonen blir utført med stor innsats, høg kompetanse og evne til å handtera endringar. På lokalt nivå har me dyktige og engasjerte tilsette og ei stor gruppe frivillige, som i det daglege møter menneske på ein flott måte, deler evangeliet og betyr mykje i sine lokalsamfunn.

Stavanger, 24. februar 2016

Lars-Tore Anda

Lars-Tore Anda
Leiar, Stavanger bispedømmeråd

Anne Lise Ådnøy

Anne Lise Ådnøy
Fungerande biskop

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal frå denne.

Verksemd og samfunnsoppdrag

Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd er ein del Den norske kyrkja, med Kyrkjemøtet som leiande organ på nasjonalt nivå. Biskop og bispedømmeråd har ansvar for ulike sider ved verksemda til Den norske kyrkja i Stavanger bispedømme.

Stavanger bispedømme blei oppretta i 1925 og har same geografiske område som Rogaland fylke. Stavanger bispedømme er eit av elleve bispedømme i Noreg.

Biskopen og bispedømmerådet sine oppgåver er fastsette i lover, føresegner og anna regelverk fastsett med heimel i statleg lovverk. Mynde og ansvarsområde fylgjer m.a. av kyrkjelova, økonomi- og verksemdsinstruks og tildelingsbrev frå Kyrkjerådet.

Stavanger biskop har innan bispedømmet tilsynsmynde for heile den kyrklelege verksemda, leier prestetenesta og er arbeidsgjevar for prestane. Prostane er arbeidsgjevar for prestane i det daglege, og er med på å setta i verk mål og strategiar i bispedømmet.

Bispedømmerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekka og næra det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal også fremma samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømmet. Bispedømmerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og spesialprestar. I tillegg er bispedømmerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømmekontoret.

Bispedømmerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokument, strategi og årsplan for Stavanger bispedømme ligg også til grunn for verksemdu og aktivitetar.

Visjonen for Stavanger bispedømme er «Meir himmel på jorda». Dei områda som er mest synlege er:

- Gudstenester og kyrklelege handlingar
- Dåp, trusoplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Misjon
- Diakoni
- Pilegrimsarbeid
- Dialogarbeid
- Inkluderande kyrkjeliv

Gjennom dette ønsker me å vera ei tydeleg folkekirkje.

I Stavanger bispedømme er det 92 sokn med tilhøyrande sokneråd. Fem sokn har forsøk med samanslårte sokneråd, slik at det i praksis er 90 sokneråd i funksjon. Det er 26 kommunar, med tilhøyrande kyrklege fellesråd. Biskop og bispedømmeråd sine oppgåver skal støtta opp under arbeidet i kyrklege fellesråd og sokneråd, og arbeidet skjer i samarbeid med desse. Bispedømmet samarbeider med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

Organisasjonen

Stavanger bispedømmeråd består av ni valde medlemmar og biskopen.

Erling Johan Pettersen var biskop i 2016.

Biskop og bispedømmeråd har felles administrasjon på bispedømmekontoret i Stavanger.

Bispedømmekontoret har adresse Lagårdsveien 44, Stavanger.

Både biskop og bispedømmeråd har delegert mynde til stiftsdirektøren, som er daglig leiar ved Stavanger bispedømmekontor. Stiftsdirektør er Jorunn Kraft Vistnes. Bispedømmekontoret har 16 årsverk fordelt på 17 personar.

Utvalde hovudtal¹

| Prosti | Tal sokn | Medlemmar og tilhøyrande i den norske kyrkja | | Tal innbyggjarar | Prosent i kyrkja |
|---|-------------|--|-------------|---------------------|---------------------|
| | | Medlemmar | tilhøyrande | | |
| Dalane | 7 | 18 096 | 24 323 | 74 323 | 74 % |
| Domprostiet og Ytre Stavanger prosti ² | 17 | 86 915 | 132 644 | 219 559 | 66 % |
| Haugaland | 16 | 43 733 | 57 729 | 101 462 | 76 % |
| Jæren | 12 | 51 963 | 67 986 | 134 950 | 76 % |
| Karmøy | 8 | 33 601 | 42 187 | 75 788 | 80 % |
| Ryfylke | 11 | 20 274 | 25 052 | 45 330 | 81 % |
| Sandnes | 9 | 50 518 | 74 820 | 125 338 | 68 % |
| Tungenes | 12 | 33 642 | 45 434 | 98 076 | 74 % |
| Sum | 92 | 338 742 | 470 175 | 949 093 | 72 % |

| Volumtal for bispedømmet | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|-----------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Tal døypte | 4 238 | 3 880 | 3 770 | 3 747 | 3 551 |
| Tal konfirmerte | 4 343 | 4 185 | 4 230 | 4 005 | 3 926 |
| Tal kyrklege vigsler ³ | 976 | 904 | 948 | 863 | 841 |
| Tal kyrklege gravferder | 2 799 | 2 703 | 2 616 | 2 596 | 2 724 |
| Tal gudstenester totalt | 5 856 | 5 790 | 5 744 | 5 561 | 5 642 |
| Tal gudstenestedeltakarar | 722 297 | 716 663 | 718 467 | 685 385 | 697 336 |

| Nøkkeltal frå årsrekneskapen* | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|------------|------------|------------|------------|-------------|
| Tal årsverk | 107 | 109 | 111 | 112 | 107 |
| - av desse i presteteneste | 92 | 95 | 97 | 98 | 93 |
| Samla tildeling post 01 | 80 976 000 | 83 304 000 | 86 524 000 | 95 092 000 | 100 024 000 |
| Utnyttingsgrad post 01 | 100,3 % | 99,0 % | 99,6 % | 93,5 % | 93,9 % |
| Driftsutgifter | 81 214 712 | 82 505 884 | 86 192 233 | 88 922 578 | 93 965 358 |
| Lønsdel av driftsutgifter | 84,8 % | 86,3 % | 86,2 % | 87,6 % | 88,5 % |
| Del løn brukt i prestetenesta | 74,5 % | 75,3 % | 75,0 % | 76,8 % | 77,9 % |
| Løn og godtgjering pr. årsverk | 643 308 | 653 189 | 670 544 | 698 838 | 800 668 |

¹ Medlemstal kjem frå Kyrkjearådet, og viser medlemmar og tilhøyrande pr. 31.12.2016. Innbyggjartalet kjem frå ssb.nå og kjem frå 1.1.2016.

² Stavanger kommune inneheld to prosti. For å få folketal er derfor medlemstala for dei to prostia slått saman.

³ Inkludert forbøn for borgarleg inngått ekteskap (22 i 2016).

III. Årets aktivitet og resultat

Mål, indikatorar og resultat på Kyrkjerådet sine fokusområde

A. Gudstenestelivet blomstrar

1. OPPSLUTNINGA OM GUDSTENESTENE AUKAR

Delmål: **Gudstenestene får auka oppslutning.**

Indikator: **Gudstenestedeltaking**

Dei mest relevante måla for gudstenestedeltakinga er gjennomsnittleg deltaking på sun- og helgedagsgudstenester og den totale gudstenestedeltakinga i bispedømmet.⁵

Tabellen nedafor viser utviklinga i gudstenestedeltaking. Større deltakartal er runda av til nærmeste heile tusen.

| Gudstenestestatistikk 2016 | | | | | |
|------------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| | 2011 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Gudstenester på sun- og helgedagar | 4 389 | 4 294 | 4 320 | 4 179 | 4199 |
| Deltakarar, sun- og helgedagar | | | 583 000 | 561 000 | 560 000 |
| Deltakarar i gjennomsnitt | | 135 | 135 | 135 | 133 |
| Tal på gudstenester totalt | 5 911 | 5 790 | 5 726 | 5 561 | 5642 |
| Deltakarar totalt | 757 000 | 717 000 | 718 000 | 685 000 | 697 000 |
| Nattverdgudstenester | 2 579 | 2 935 | 2 937 | 2 861 | 2930 |
| Nattverdgjestar | 162 000 | 178 000 | 180 000 | 172 000 | 177 000 |
| Gjennomsnitt av nattverdgjestar | 63 | 61 | 61 | 60 | 60 |

Det siste året har talet på gudstenestedeltakarar totalt gått litt opp. Deltakartalet aukar litt meir enn talet på gudstenester. Talet på nattverdgudstenester og nattverddeltakarar har også gått opp frå 2015 til 2016. Det har blitt litt fleire gudstenester sun- og helgedagar, med to deltakarar færre i gjennomsnitt.

Me har på ulike vis satsa på gudstenester dei siste åra. Frå 2014-5 hadde me vidareutdanning for prestar i forkynning. Den kan ha verka positivt på kvaliteten på forkynninga i gudstenestene. På prestekonventet i 2014 fokuserte me på samarbeid mellom prestar og kyrkjemusikarar. Dei lokale grunnordningane begynner å bli etablerte, slik at folk opplever meir gjenjenning. Trusopplæringa blir også stadig meir etablert.

⁵ I tala for gjennomsnittleg gudstenestedeltaking er det framleis innebygd ei feilkjelde. Når skjemaet i pkt. 3.A.1. spør etter alle gudstenester på sun- og helgedagar, der ein tidlegare spurte etter hovudgudstenester på sun- og helgedagar, kjem det med ein del mindre gudstenester for spesielle målgrupper. Dette kan vera med på å senka gjennomsnittet, og det har me sett eksempel på.

Å rekna gjennomsnitt for total deltaking på alle gudstenester vil gje mening i begrensna grad. I den totale mengda gudstenester er det med mange små samlingar, til dømes gudstenester for prostilag av prestar og gudstenester på institusjon. Gjennomsnittet er ikkje heilt meiningslaust, men beskriv ei samling ueinsarta data. Variasjonane beskriv derfor ikkje utan vidare nivå på deltaking, men kan like gjerne handla om mengda av ulike typer gudstenester.

I statistikken hadde det vore til stor hjelp om sokna også rapporterte separat for ulike gudstenestestader i soknet. Me hadde hatt god bruk for å skilja gjennomsnittleg gudstenestedeltaking på ulike stader i soknet frå kvarandre, og ha eigne tal for deltaking på hovudgudstenester.

Til trass for dette er dei eksisterande tala for gjennomsnittleg gudstenestedeltaking det beste me har, og me baserer derfor rapporteringa på dette.

Det er framleis interessant å sjå at det er nattverd på fleire gudstenester, utan at deltakinga går ned.

Saman kan felles satsing på kvalitet og godt lokalt arbeid med gudstenester støtta opp det relativt sett høge gjennomsnittet og den totale auka i deltaking. Mange kyrkjelydar i bispedømmet har god gudstenestedeltaking. Kyrkjelydane legg mykje arbeid i førebuing og gjennomføring av gudstenester.

Skilnader på prostinivå heng sjølvsgart delvis saman med medlemstal i prostia. Her ser biletet slik ut:

| Gudstenestestatistikk og medlemstal | | | | |
|-------------------------------------|----------------|---------------------------|------------------|--|
| Prosti | Medlemmar | Gjennomsnittleg deltaking | Besøk pr. medlem | |
| Dalane | 18 096 | 103 | 1,8 | |
| Haugaland prosti | 43 733 | 117 | 1,4 | |
| Jæren | 51 963 | 159 | 1,9 | |
| Karmøy | 33 601 | 145 | 1,7 | |
| Ryfylke | 20 274 | 117 | 2,1 | |
| Sandnes | 50 518 | 148 | 1,6 | |
| Domprostiet | 41 533 | 121 | 1,5 | |
| Tungenes | 33 642 | 136 | 2,0 | |
| Ytre Stavanger | 45 382 | 135 | 1,3 | |
| Stavanger BD | 338 742 | 133 | 1,7 | |

Gudstenestene er i gjennomsnitt størst i Jæren, Sandnes og på Karmøy. Alle desse stadene har sterke, lågkyrkjelege tradisjonar og eit godt utbygd frivillig arbeid i kyrkjelydane.

Det er flest besøk pr. medlem i Ryfylke, Tungenes og på Jæren. Det er altså her kyrkjelydane når breiast ut, sjølv om forskjellane ikkje er store. God prosentvis oppslutning heng delvis saman med urbaniseringsgrad.

I perioden frå 2010 har det totale deltakartalet gått ned, mest som eit resultat av færre gudstenester, mellom anna som følge av nedskjeringar. Gjennomsnittleg tal på deltakarar har halde seg stabilt, og er det same i 2017 som i 2010.

På prostinivå har det i 2017 blitt fleire gudstenestedeltakarar i Sandnes, i Domprostiet, på Jæren, på Karmøy og i Tungenes prosti. Tre prosti har nedgang. Det er vanskeleg å sjå akkurat kva som ligg bak desse tala, men me har tidlegare sett at tilbod for barn under gudstenesta, korarbeid, grupper for vaksne og involvering av frivillige heng saman med god gudstenestedeltaking. Me har også sett at kyrkjelydar med ulik profil kan lukkast med gudstenesta, men at mange av dei kyrkjelydane som har utradisjonelle gudstenester lukkast godt med det. Fleire kyrkjelydar arbeider med differensierte gudstenestetilbod. Variasjonen i deltaking frå år til år er ikkje stor.

I forhold til både gjennomsnitt og besøk pr. medlem viser tala at me har ei storbyutfordring i Stavanger. Kyrkjelydane tener på tilknyting til eit klart definert lokalsamfunn med eigen identitet. Dette kan vera meir uklart i sentrum av byane. I møte med byutfordringane har sokn og fellesråd i Stavanger, i samarbeid med bispedømmet, sett i gang eit større prosjekt, Stavanger 2020, der ein ser på korleis ein skal vera kyrkje i byen framover.

På bispedømmenivå er målet om auka oppslutning delvis nådd, samanlikna med 2015. Det er altså inga krise eller merkbar negativ trend på dette området. Ambisjonane våre samsvarer likevel med det felleskyrkjelege målet om auka gudstenesteoppslutning. Enkle tiltak som raskt gjev det som resultat har me ikkje funne.

Kommentar til årsplan og risikovurdering for 2016

Årsplanen for 2016 fokuserte som i 2015 på trusopplæring og gudsteneste, skulegudstenester, kvalitet på gudstenester og involvering. Desse tiltaka er punkttiltak på utvalde område av alt som gjeld gudstenesteliv.

Trusopplæring og gudsteneste i 2016

Hans Austnaberg ved VID har nyleg forska på kyrkjelydsutvikling og trusopplæring, og funne at prestane som er intervjua i prosjektet vurderer trusopplæring som den viktigaste drivkrafta bak kyrkjelydsutvikling. Trusopplæring kan rekruttera nye grupper til gudstenesta.

Her er utviklinga når det gjeld gudstenester for barn og familiar.

| Familiegudstenester 2012-2016 | | | | | |
|--|---------|---------|---------|---------|---------|
| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Familiegudstenester | 872 | 865 | 910 | 891 | 772 |
| Deltakarar | 136 594 | 145 943 | 148 423 | 146 302 | 120 764 |
| Gjennomsnittleg deltaking | 157 | 169 | 163 | 164 | 156 |
| Del av total gudstenestedeltaking | 19 % | 20 % | 21 % | 21 % | 17 % |

Kyrkjelydane rapporterer om færre gudstenester særskilt tilrettelagt for barn. Ut frå satsinga på trusopplæring, skulle ein tru at dette talet ville auka. Frå 2015 til 2016 har det blitt færre slike gudstenester, med færre deltakarar i gjennomsnitt. Talet på deltakarar i snitt er likevel klart høgare enn talet på deltakarar til vanleg.

I årsrapportsamtalar i trusopplæringa får me signal om at prestar ikkje engasjerer seg like mykje i trusopplæring som ønskeleg. Me har også hørt at den nye arbeidstidsordninga for prestar har ført til at prestar involverer seg mindre i trusopplæring. Ingen av delane svarer til regionale prioriteringar for prestetenesta, så dette er noko me må fylgja opp.

Gudstenester for skular og barnehagar

I haust var det som vanleg mykje debatt om skulegudstenester. Skulegudstenestene fekk også mykje støtte i media, til dels tydelegare enn før. I 2016 hadde me ein eigen fagdag om skulegudstenester, for å styrka kompetansen hjå dei tilsette på dette området.

Utviklinga i tal ser slik ut:

| Skule – og barnehagegudstenester 2012-2016 | | | | | |
|---|--------|--------|--------|--------|--------|
| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Gudstenester for barnehagar | 132 | 126 | 122 | 118 | 118 |
| Deltakarar, barnehagegudst. | 14 988 | 14 333 | 13 743 | 13 916 | 12 670 |
| Skulegudstenester | 308 | 297 | 288 | 280 | 269 |
| Deltakarar, skulegudstenester | 75 578 | 73 230 | 76 394 | 66 404 | 67 078 |
| Gjennomsnittleg deltaking, skulegudstenester | 245 | 247 | 265 | 237 | 249 |

Me ser at dei siste fem åra har det blitt om lag 10 % færre barnehagegudstenester og 13 % færre skulegudstenester. Deltakartalet søkk ikkje like mykje, og den gjennomsnittlege deltakinga på kvar gudsteneste var den nest beste dei siste fem åra. Alt i alt tyder dette på at hovudutfordringa er at nokre skular trekk seg, ikkje at interessa blant folk er mindre.

Tiltaket i årsplanen, å ta opp skule-kyrkje-samarbeid på visitas, er strategisk. Samtidig når me med dette bare dei stadene som har visitas. Desse resultata gjev eit grunnlag for å gå tydeleg ut med at oppslutninga om skulegudstenester faktisk er grunnleggjande god.

Endringar i strategiar og tiltak

Foreløpig vidarefører årsplanen tiltaka frå 2015 og 2016. Tiltaka er likevel ikkje omfattande eller dekkande. Me må vurdera kva me skal satsa på regionalt. Lokalt satsar ein på gudsteneste på ulike vis kvar gong det er gudsteneste, og det er her det viktigaste kvalitets- og rekrutteringsarbeidet skjer.

Som tidlegare handlar rekruttering til gudsteneste om både informasjonsarbeid, relasjonar, involvering og kvalitet. Ein del av det som skjer i ei gudsteneste krev bakgrunnskunnskap å forstå. Ei enkelt gudsteneste kan ha fleire målgrupper med ulike preferansar og føresetnadar. Fellesskapet rundt gudstenesta kan fungera forskjellig. Informasjonen om gudstenestene kan vera tilgjengeleg i ulik grad og i ulike kanalar. Kyrkjelydar kan ha uforløyst potensiale – og gode idear å dela.

At kyrkja og kristen tru er synleg for folk flest, i det store, offentlege rommet, er også viktig for kva stilling kristen tru har i folket. Kyrkjeleg mediearbeit og kyrkjeleg medvit om korleis trua kan presenterast, tydeleg og forståeleg, er viktig for å motivera fleire til å bruka kyrkja og gudstenesta meir. Her kan både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå i kyrkja bidra.

2. GUDSTENESTETILBUDET BLIR HALDE OPPE

Mål: *Tilbodet om gudstenester blir halde oppe.*
Indikator: *Gudstenestefrekvens*

Gudstenestetilbod og gudstenesteoppslutning kan gjerne sjåast på saman.

| Gudstenestetilbod 2011-2016 | | | | | |
|------------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| | 2011 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Gudstenester på sun- og helgedagar | 4 389 | 4 294 | 4 320 | 4 179 | 4199 |
| Deltakrar, sun- og helgedagar | | | 583 000 | 561 000 | 560 000 |
| Deltakrar i gjennomsnitt | | 135 | 135 | 134 | 133 |
| Tal på gudstenester totalt | 5 911 | 5 790 | 5 726 | 5 561 | 5642 |
| Deltakrar totalt | 757 000 | 717 000 | 718 000 | 685 000 | 697 000 |
| Nattverdgudstenester | 2 579 | 2 935 | 2 937 | 2 861 | 2930 |
| Nattverdgjestar | 162 000 | 178 000 | 180 000 | 172 000 | 177 000 |
| Gjennomsnitt av nattverdgjestar | 63 | 61 | 61 | 60 | 60 |

Me ser at talet på gudstenester har gått noko opp. Dette skuldast ikkje særskild regional satsing, men reflekterer lokal utvikling. Til trass for innføring av arbeidstid for prestar, har ikkje gudstenestetilbodet blitt svekka.

Sidan dei økonomiske prognosane for 2016 viste behov for nedskjering, planla me å redusera gudstenesteforordninga i 2016. I løpet av året viste det seg at dette kunne utsetjast. Eit prosti har for 2017 fått noko redusert forordning. Ei større gjennomgang av gudstenesteforordninga i bispedømmet står også på trappene. Det er først og fremst auka lønsutgifter og effektiviseringskrav som ligg bak det økonomiske behovet for reduksjon i verksemda.

Både lokalt og regionalt tek fleire til orde for å vurdera gudstenestesatsing opp mot andre kyrkjelege satsingar. Mange snakkar om kvardagskyrkja som eit viktig møtepunkt. Mellom anna viser prosten i Tungenes i sin årsrapport til at det er viktig å synleggjera og brukha møtepunkt skapt ved trusopplæring og kyrkjelydsarbeid, der kyrkja ofte er i bruk av menneske som ikkje går fast til gudsteneste. Dei som er med på babysong eller på ein kyrkjemiddag veit at dei har vore i kyrkja. På slike samlingar kan ein både venda seg til Gud og møta evangeliet og eit kristent fellesskap, sjølv om samlinga ikkje er ei høgmesse.

Mange av sokna som har gitt innspel til «Stavanger 2020-prosjektet» har nemnt behovet for å fokusera meir på kvardagskyrkja og andre aktiviteter enn gudstenester.

Eit av dei store strategiske spørsmåla framover handlar om kor me skal setja inn ressursar. Gudstenestetilbodet er godt utbygd. Dei aller fleste som ønsker å gå til gudsteneste ein sundag, har ei gudsteneste i rimeleg avstand, om enn ikkje alltid i nærmeste kyrkje, så i ei kyrkje ikkje langt vekke. Slik gudstenestene er i dag, krev dei mykje arbeid av tilsette og frivillige, mens det kan vera vanskeleg å finna ressursar til å styrka trusoplæringa, skapa kyrkjeleg verksemd for unge eller nå nye grupper. Spørsmålet er om ressursar bør flyttast frå gudstenesteområdet over i kvardagskyrkja.

Dette er førebels noko prostar, lokale kyrkjelydar og bispedømme snakkar om uformelt. I samband med arbeidet med ny forordning, planlagt i 2017, vil balansen mellom gudsteneste og andre kyrkjelege tilbod bli eit viktig spørsmål. Dette er også eit spørsmål det er viktig å drøfta på nasjonalt nivå. Det fastsette målet er eit styringssignal om å halda gudstenestefrekvensen oppe. Eit spørsmål i forhold til dette er om det er meint så presist og sterkt at det er ei hindring for å flytta ressursar til andre område, viss ein regionalt eller lokalt ser det som nødvendig for å nå andre kyrkjelege mål.



Visitasgudsteneste i Frøyland og Orstad kyrkje

3. FLEIRE VEL KYRKJELEG VIGSEL

Mål: Fleire vel kyrkjeleg vigsel
 Indikator: Talet på vigsler.

Her er oversikt over talet på vigsler og forbøn for inngåtte ekteskap dei siste åra:

| | Vigsler 2010-2016 | | | | |
|-----------------|-------------------|------------|------------|------------|------------|
| | 2010 | 2012 | 2014 | 2015 | 2016 |
| DALANE | 54 | 56 | 63 | 65 | 57 |
| DOMPROSTIET | 95 | 100 | 111 | 86 | 88 |
| HAUGALAND | 105 | 105 | 90 | 85 | 105 |
| JÆREN | 193 | 173 | 174 | 171 | 153 |
| KARMØY | 135 | 108 | 111 | 85 | 105 |
| RYFYLKE | 75 | 67 | 61 | 46 | 57 |
| SANDNES | 118 | 101 | 106 | 95 | 96 |
| TUNGENES | 198 | 195 | 161 | 145 | 124 |
| YTRE STAVANGER | 72 | 61 | 55 | 71 | 56 |
| Totalsum | 1045 | 966 | 932 | 849 | 841 |

Me ser at talet på vigsler og forbøn for inngåtte ekteskap i 2016 liknar talet for 2015. I perioden held vigselstalet i Dalane, Haugaland og Karmøy seg stabilt, mens det er ein markert nedgang i Jæren, i Ryfylke og i Tungenes prosti. Det er vanskeleg å forklara kvifor nokre prosti får færre kyrkjelege vigsler, og årleg variasjon er vanleg.

Her er utviklinga mellom ulike aktørar på nasjonalt nivå:

| | Typar vigsler 2010-2015 | | | | |
|---|-------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | 2010 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
| Den norske kyrkja (i Norge) | 9898 | 9400 | 8706 | 8602 | 8565 |
| Vigseldel i Den norske kyrkja | 42 % | 39 % | 37 % | 38 % | 38 % |
| Del borgarlege vigsler | 31 % | 33 % | 33 % | 33 % | 33 % |
| Del vigsler i utlandet | 21 % | 22 % | 23 % | 22 % | 21 % |
| Del vigsler i trussamfunn utanfor Den norske kyrkja | 7 % | 7 % | 7 % | 7 % | 8 % |
| Vigsler i alt | 23577 | 24346 | 23410 | 22887 | 22738 |

Me ser at kyrkja sin del av det totale talet på vigsler held seg stabilt.

Tiltaka i årsplanen for 2017 gjev fyrst og fremst uttrykk for kva som er viktig på lokalt nivå. Dette blir også styrt lokalt. Biskop og bispedømmeråd kan gje impulsar til dette gjennom prostane si leiing av prestetenesta og deira del av lokalt strategiarbeid. I tillegg ønsker me å leggja til rette for positiv merksemd om kyrkjeleg vigsel i media, men det har me ikkje fått arbeidd systematisk med.

Både lokalt og regionalt merkar me at par ønsker vigsler med personleg preg. Ikkje alle desse ønskene er det mogleg å komma i møte, anten ut frå ressursar eller rammer som ordningane set. Til dømes får både prostar og bispedømme ein del spørsmål om vigsler utanfor kyrkja, på stader utan kyrkjeleg tradisjon. Dette er retningslinjene delvis restriktive ovafor. Me kjenner ikkje til i kva grad me eventuelt mistar brudepar på grunn av at dei ikkje får ønska sine oppfylt, men ser ikkje bort frå at det kan skje.

Me har gode planar for korleis me skal handtera ny vigselsliturgi, og ventar ryddig og positiv oppfølging av dette lokalt.

4. OPPSLUTNINGA OM KYRKJELEG GRAVFERD BLIR HALDEN OPPE

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelege gravferder

Resultat og utvikling

| Kyrkjelege gravferder | | | | | |
|---------------------------|------|------|------|------|------|
| År | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Tal på gravferder | 2809 | 2703 | 2616 | 2628 | 2724 |
| Døde i Rogaland | 3086 | 3033 | 2912 | 2959 | |
| Gravferdsprosent i kyrkja | 91 % | 89 % | 90 % | 89 % | |

Me ser at talet på gravferder i kyrkja var det nest høgaste i perioden i 2017. Talet på døde i 2016 i Rogaland er ikkje publisert enno, men ut frå auka i talet på kyrkjelege gravferder, tyder statistikken på framleis høg oppslutning blant folk om kyrkjeleg gravferd.

Innbyggarundersøkinga frå 2015⁶ viste at dei som brukar kyrkja opplever seg møtt på ein svært god måte av dei tilsette. Kyrkja sine representantar møter menneske med respekt. Dei er imøtekommende, lyttar og er gode på informasjon.

I 2017 har me planar om å styrka prestane sin kompetanse på sorgarbeid, ved å fokusera på nyare sorgforskning på prestekonventet. Me skal også laga ny kompetanseplan, og her kan det vera aktuelt med tiltak som styrker prestane som liturgar og samtalepartnarar. Me ønsker oss også framleis godt samarbeid med gravferdsbyrå og å fylgja med på korleis det kyrkjelege tilbodet møter brukarane sine uttrykte behov. Stabiliteten i resultata tyder på at måten kyrkja handterer dette i dag fungerer godt.



Egersund kirke

⁶ <https://www.difi.nå/rapporter-og-statistikk/undersokelser/innbyggerundersokelsen-2015/hva-mener-brukerne/den-norske-kirke>

5. KYRKJA GIR ROM FOR ULIKE KUNST- OG KULTURUTTRYKK

Nøkkelindikator: Talet på konserter og kulturarrangement i kyrkjene

Innleiing

I Kyrkjerådet sine mål og indikatorar er kultur plassert under målet om at gudstenestelivet blomstrar. Det er eit viktig fokus at ulike kunst- og kulturuttrykk får rom i gudstenesta. Dette er ein del av den lange tradisjonen me står i som gudstenestefeirande folk. Det er også ein del av kulturarven vår som skal førast vidare. Me erfarer at kyrkjelydane i stor grad legg til rette for ulike kunst- og kulturuttrykk i gudstenestene, utan at me har tal for dette.

Nå er kyrkjeleg kulturverksemdu mykje meir enn gudstenesta. Me har likevel valt å fylgja kyrkjerådet sitt oppsett. Nøkkelindikator for kulturfeltet er talet på konserter og kulturarrangement. Det er også ein avgrensa del av arbeidet innan kulturfeltet, og fortel bare om ei side av den kyrkjelege kulturverksemdua.

Resultat

| Kultur 2011-2016 | | | | | | |
|--|--------------|-------------|------------|----------------|-------------|------------|
| Arrangement | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Konserter i regi av kyrkjelyden | 463 | 478 | 399 | 415 | 526 | 420 |
| Publikumstal | 53 942 | 53 028 | 57 275 | 55 402 | 63 122 | 54 725 |
| Konserter i regi av andre | 300 | 246 | 253 | 269 | 331 | 304 |
| Publikumstal | 63 731 | 59 626 | 51 150 | 59 763 | 62 348 | 70 750 |
| Andre kulturarr i regi av kyrkjelyden | 250 | 219 | 152 | 212 | 226 | 191 |
| Publikumstal | 29 961 | 25 536 | 19 269 | 22 096 | 20 525 | 18 914 |
| Andre kulturarr i regi av andre | 36 | 66 | 66 | 58 | 50 | 56 |
| Publikumstal | 8 459 | 11 573 | 1 060 | 22 643 | 10 876 | 7 241 |
| Kulturelle arrangement totalt | 1 049 | 1009 | 870 | 954 | 1133 | 971 |
| Totalt publikumstal på kulturelle arrangement | 156 | 140 | 128 | 159 904 | 156 | 151 |
| | 093 | 763 | 754 | | 871 | 630 |

Tal frå kyrkjelydane over konserter og kulturarrangement viser at kyrkjene er viktige arenaar for kultur, med mange arrangement og høgt publikumstal. Når me ser på tala over tid, ser me at det er variasjonar frå år til år, utan at dei er store. I rapporten for 2016 ser me ein svak nedgang i fleire tal. Det er rapportert inn færre konserter i kyrkjeleg regi og ein nedgang i talet på publikum på noko over 8000. Me ser ei tilsvarande auke i talet på publikum på konserter i regi av andre. Gjennomsnittet i talet på publikum per konsert er høgare enn i 2015.

Når ein dykker ned i tala, finn me at det er enkelte kyrkjelydar som står for større avvik frå 2015 til 2016. Det er naturleg at det er ein del variasjon frå år til år på kor mange konserter og kulturarrangement ein legg opp til i den enkelte kyrkjelyden. Generelt ser me at ulike type jubileum får tydelege utslag i statistikken. I enkelte kyrkjelydar ser me også konsekvensar ved skifte av tilsette, særleg der det vakanse eller ny kyrkjemusikar.

Enkelte stader er det nye typar arrangement og seriar som gjer at får ei klar auke i talet på publikum. Eit eksempel er Domprostiet som har ei auke på meir enn 9000 personar for konserter i regi av andre. Sjølv om ein ser litt endring i tala for dei ulike kyrkjelydane, har ein av kyrkjelydane aleine ein auke på talet på publikum på 9459.

Eit anna eksempel er Haugaland prosti. Her er det ein nedgang på 42 Konserter i regi av kyrkjelydane, og ein nedgang på talet på publikum på 3872. På same tid ser med ein oppgang på 20 Konserter i

regi andre og ein auke på talet på publikum på desse med 3520. Desse større endringane er det tre av kyrkjelydane som står for. Me veit ikkje kva det skuldast.

Noko som gjeld gudstenestelivet meir direkte er det viktige korarbeidet som skjer i kyrkjene. Kor har ein lang og sentral plass i kyrkja. Kora gjev fylde til gudstenestefeiringa og løfter talet på gudstenestedeltakarar. Barnekor er med å styrker rekrutteringa av kyrkjemusikarar og er viktig med tanke på kyrkjelydsutvikling.

Kyrkja sitt korarbeid utgjer ein stor del av korarbeid i Rogaland. I 2016 var det 130 barnekor med 2924 medlemmer og 68 voksenkor med 156 medlemmer. Me ser ein liten nedgang i talet på barnekor og medlemmer i barnekora på 6 kor og 230 songarar. Samtidig er det ein tilsvarande auke i talet på voksenkor, og talet på medlemmar på 103.

Korarbeid er viktig, både kulturelt og kyrkjeleg. Det er også viktig med tanke på å halde oppe og styrka song som sentral del av gudstenestefeiringa. Song styrker trua på ein annan måte enn ord og er viktig i seg sjølv å halda oppe. Det blir arbeidd med å finne gode tiltak for å styrka og stimulera korarbeidet i kyrkja og setta nye tiltak ut i livet.



Fra Stavanger domkirke

Utvikling

Det er naturleg at tala varierer noko frå år til år. Over tid opplever me ikkje endringane som dramatiske. Når det gjeld kor, ser me at det har vore ein liten, men jamn nedgang over år i talet på barn som syng i kor. Me har eit ønske om at med får fleire kor og kor mange som syng i kora.

Tiltak og resultat

Eit hovudfokus innan kulturfeltet har også i 2016 vore kompetanseheving. I løpet av 2016 har kultur vore tema på 5 prostilagssamlingar. I tillegg har det vore tema på eit møte i bispedømmerådet og på ei samling med prostane. På alle desse samlingane har ein løfta fram kva som er kunsten og kulturen si

rolle og funksjon i kyrkja og i den enkelte kyrkjelyden. Kva er det me som kyrkje skal og kan forvalta? Klarer me å nytta det mangfaldet av uttrykk som finst? Me har utfordra til å sjå på om det er kunstnarar eller samarbeidsaktørar lokalt det ville vore spennande å invitera inn i kyrkjene.

Også i 2016 har me arrangert fagdagar for kyrkjemusikarane.

Norsk orgelfestival blei arrangert for 26. gong i 2016. For første gong hadde festivalen eit samarbeid med litteraturfestivalen Kapittel. Der fekk me blant anna oppleve eit foredrag ved biskop Erling J. Pettersen om Dantes Inferno, fulgt av av Max Regers verk «Inferno». Orgelfestivalen og fagdagane som blir arrangerte er viktige for å auka kompetansen, styrka fagmiljøet og den enkelte kyrkjemusikaren.

Me ser at det i bispedømmet vårt er stort mangfold i kunstnariske uttrykk, både innanfor kyrkjemusikken og andre kunstuttrykk. Dette heng saman med tradisjonar ein har med seg i dei kristne miljøa der ein er. Utforminga og uttrykket i kyrkja og kyrkjerommet har noko å seia for kva profil og det kunstnarisk uttrykk kyrkja vel. Til sist er det klart at vala blir prega av dei menneska som er sette til å forvalta dette lokalt, både tilsette og aktive i kyrkjelyden.

Me ønsker å skapa større medvit om potensialet i kyrkjelydane, så dei kan legga til rette for eit stort mangfold av kulturelle uttrykk. Samtidig er det viktig at ein kan utfylla kvarandre, og at ikkje alle skal gjera alt. Det er derfor viktig å skapa god dialog mellom kyrkjene, så dei veit kva dei ulike gjer, utvekslar erfaringar og får idear til samarbeid. Dei samlingane me har arrangert i 2016 har alle vore med på dette.

Generelt ser me at det blir arrangert mange og gode kulturarrangement i kyrkjelydane i bispedømmet. Samtidig ser me at det framleis er behov for å løfta fram kva rolle og funksjon kunsten og kulturen har i kyrkja og i kyrkjelydane.



Nye Kopervik kyrkje reiser seg

Kommentar til risikovurdering 2016

Når det gjeld i kva grad kyrkja ser verdien av kyrkjemusikken, og om den profesjonelle kyrkjemusikaren vil forsvinna ut av kyrkja, viser risikovurderinga framleis høg alvorsgrad. Me må halda fram med å styrka kyrkjemusikarane i kyrkja.

Me ser at kyrkjelydane i stor grad nytter kyrkjene som kulturarena, og at dei gir plass til ulike kunst- og kulturuttrykk. Samtidig ser me at det må gjerast meir for å auka medvitet om kyrkja si rolle i å ta vare på kulturarven vår.

Vurdering av resultatet

Kyrkjene i Stavanger bispedømme som heilskap gir i dag rom for ulike kunst- og kulturuttrykk. Tiltaka våre har verka positivt på å auka medvitet om kva slag uttrykk ein gjer rom for, og at kyrkja også har som ansvar å forvalte ein kulturarv.

Endringar i strategiar og tiltak

Det blir viktig å halda fram med å styrka kyrkjemusikken og kyrkjemusikarane si rolle, mellom anna gjennom relevante tema for fagdagar.

Me vil vidare arbeida for å styrka korarbeidet i kyrkjelydane. Me ser at det er behov for å finna tiltak for å styrka songen. Me trur også at eit godt arbeid med barnekor vil styrke rekrutteringa til kyrkjemusikkutdanninga.

Me vil arbeida vidare med å styrka medvitet om kyrkja som kulturarena og med å auka kompetansen til kyrkjelydane som kulturarrangørar.

I kyrkja si kulturmelding blir kyrkja utfordra til «å kommunisera med menneske på alle dei språk mennesket har til disposisjon». Dette vil me arbeida meir med, spesielt gjennom å løfta fram kyrkjerommet sin arkitektur og utsmykking.



På Sola kan Trygve Torgersen (kyrkjeverje) og Siri Lindtveit (dagleg leiar) gle seg over at det kjem ny kyrkje

6. MENNESKE MED SÆRSKILTE BEHOV BLIR INKLUDERTE I KYRKJELYDSARBEIDET

Nøkkelindikator: Talet på tiltak og arrangement for menneske med særskilte behov

Innleiing

For inkluderingsarbeidet blir mål og indikatorar henta frå bispedømmet sin årsplan. Bispedømmet sin strategi for 2015-2018 peiker på gudstenesta som eit ope og inkluderande fellesskap, som skal syne at me er ei HEIL kyrkje. Kyrkjelydane skal gi hjelp til livsmeistring, møte alle menneske med respekt og inkludere alle uavhengig av funksjonsnivå. Frå desse verdiane hentar me element til årsplan og satsingsområde.

For Årsstatistikkskjemaet 2016 blei det gjort ei endring i korleis kyrkjelydane skal rapportera om inkludering. Nå er spørsmålet: «Hadde kyrkjelyden tilbod retta mot menneske med funksjonshemning?» Kyrkjelydane skal også svara på om dei har samarbeid med andre sokn om dette. Sidan dette er nytt i år, valde me ikkje å senda ut eit eige statistikkskjema for inkludering til kyrkjelydane i tillegg, slik me har gjort eit par år før.

For 2016 ser me nå at 43 av 92 sokn (39,5%) svarar ja på spørsmålet i 6.D.13. Så svarar 24 sokn at dei har samarbeid med andre sokn om dette.

Denne rapporteringa seier ikkje kva type tiltak det gjeld, kva type arrangement ein har eller kor mange som deltek. Her må me framleis nytta eigen kunnskap. Viss det er behov for meir detaljert kunnskap, kan dette innhentast seinare.



Resultat og utvikling

I 2015 kunne me sjå at ca. 37% av kyrkjelydane hadde tilbod retta mot menneske med funksjonshemning, så me registrerer ei lita auke i år. Nokre konkrete nye tiltak veit me om, men ser og at det tek tid å byggja opp heilt nye tilbod.

Der lokalmiljøa er små blir det som regel ei styrke å samarbeida på tvers av kyrkjelydsgrenser for å utvida nedslagsfeltet. Framleis står kontinuerlig arbeid, som klubbar, kafear, speidergrupper o.a. for ca. 200 arrangement og samvær i året. I tillegg kjem særskilt tilrettelagde gudstenester, ordinære gudstenester der målgruppa medverkar og gudstenester i konfirmanttida der det er eigne, tilrettelagde konfirmantgrupper.

Mykje inkluderingsarbeid ber preg av stabilitet og godt innarbeidde tradisjonar og rytmar. Deltakartalet held seg nokså stabilt. Arbeidet har tilsette og frivillige som syner stor truskap, omsorg og engasjement.

Samtidig registrerer me ei «uro» for to utfordringar: Korleis ein skal få med fleire nye unge i kontinuerlig arbeid? Korleis skal ein møta meir åferds-relaterte utfordringar hjå born og unge? Dette kan det vera naudsynt for oss å jobba meir med framover.

Lokale tilsette er trygge på å laga tilpassa konfirmantopplegg der det trengst. Samtidig held arbeidet med felles konfirmantprosjekt fram på tvers av kyrkjelydsgrenser, der dette er innarbeidd og funksjonelt.

Også i 2016 har me spurt om trusopplæringsarbeidet for dei yngre fangar opp fleire born med særskilte behov, og om desse får tydelege invitasjonar. Framleis er nok inntrykket, både lokalt og nasjonalt, at respons og deltaking frå denne gruppa er noko mindre enn forventa.

Tiltak og resultat

I 2016 hadde me fire mål:

Kyrkjelydane arbeider målretta med å legga til rette for gudstenester som inkluderer alle.

Det er god tilgang i nærmiljøet til kyrkjeleg arbeid for menneske med særskilte behov for tilrettelegging.

Det er god tilgang til fellesskapsbyggjande tiltak i kyrkjeleg regi, t.d. leirar, turar og andre miljøtiltak.

Trusopplæringstiltak blir tilrettelagt og truverdige invitasjonar vert nyttaa.

For å nå desse måla har me arbeidd systematisk med møte med tilsette i prostia. Det er faste medarbeidarsamlingar for tilsette og frivillige som arbeider med inkludering. Me gjev undervisning på høgskular og har utvikla eit vidareutdanningsopplegg om funksjonshemming og kyrkja. Me arbeider gjennom medarbeidarstillinga og oppfølging av diakonar og prosjekt finansiert av Diakonistiftelsen Rogaland.

Me har også oppretta nye tiltak for å gjera inkluderingsarbeidet synleg. Mellom anna hadde me felles hausttakkefest for inkludering i Domkyrka og ein felles weekend for heile bispedømmet som nye tiltak i 2016. Me har arbeidd mykje med det nasjonale Solgården-prosjektet, og har rekordstor påmelding før turen i 2017. Turen er fullteikna.

Inkluderingsperspektivet er integrert i årsrapportsamtalane innafor trusopplæringa.

I 2015 blei rapporteringsverktøyet i trusopplæringa endra. Fram til 2015 skulle ein svara ja eller nei på om tiltaket var tilrettelagt for alle. Her svara naturleg nok alle ja,- utan at det sa så mykje. Frå 2015 lyder spørsmålet: «Kor mange deltakarar fekk individuell tilrettelegging»? Vidare kan ein synleggjera om det gjaldt fysiske tilhøve, sosial tilrettelegging, diagnosar, allergiar eller anna.

I 2015 blei det rapportert på 1545 enkelte trusopplæringstiltak i bispedømmet. Av desse var det gjort individuell tilrettelegging ut frå behov på 137, altså 8,9 % av tiltaka. I 2016 var det rapportert på 1641 tiltak, 140 av dei med individuell tilrettelegging, altså 8,5% av tiltaka. Me kan sjå noko om kva slags tilrettelegging som blei gjort: fysisk, sosial, pedagogisk, noko ut frå tydelege diagnosar, og allergi/matintoleranse. Av desse finn me mest av «sosial tilrettelegging».

Om hovudmåla blir nådde er til sist avhengig av det som skjer lokalt. Våre fellestiltak er bidrar til å bygga forståing og verdiar, gje inspirasjon og motivera til utvikling av arbeidet.

Vurdering av resultatet

Me gler oss over at kyrkja i Stavanger bispedømme møter mange menneske med utviklingshemming på måtar som gjer menneske sine liv betre. Dette skjer gjennom varme og opne kyrkjelydar, omsorgsfulle og trufaste tilsette og frivillige, og godt tilrettelagt arbeid mange stader. Samtidig ser me at fleire treng å la gode haldningar og menneskesyn koma til konkret uttrykk i planar og tiltak for denne målgruppa.

Endringar i strategiar og tiltak

Me vil framover i sterkare grad lyfta fram det ansvaret kyrkja har, nasjonalt og lokalt, for å følgje opp og setta i verk forpliktande vedtak som er gjort, om rettane til utøving av tru for menneske med utviklingshemming.

Me må også hjelpe kyrkjelydane til å tenka strategisk og planmessig om dette lokalt. Me kan bidra med fokus på tenlege ressursar, som t.d. «Samhandlingsheftet», E-læringskurset «Inkludering og deltagelse» frå Stiftelsen SOR. Me arbeider også med opplæring og motivasjon til leiarar og frivillige.

Me vil fortsatt prioritera å vera ute i det operative arbeidet for å ta vare på nærvirkontakten med brukarar og medarbeidarar. Me vil også stadig arbeida for eit tettare samarbeid mellom inkluderingsarbeidet og trusopplæringa, slik trusopplæringsreforma legg opp til.



Rossabø mini- og maxigospel

B. Fleire søker dåp og trusopplæring

1. OPPSLUTNINGA OM DÅP AUKAR

Nøkkelindikator: Prosentdel døypte av tilhøyrande

Resultat

Målet for dåp er ambisiøst. Her er utviklinga i tal for dåp dei siste fem åra.

| Dåp 2010-2014 | | | | | | |
|-----------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
| Døypte i årskullet | 4366 | 4045 | 3973 | 3740 | 3578 | 3476 |
| Døypte og tilhøyrande i årskullet | 5010 | 4744 | 4718 | 4446 | 4335 | 4284 |
| Fødde i årskullet | 6085 | 6117 | 6085 | 6246 | 6159 | 6128 |
| Dåpsprosent av kyrkjetilhøyrande | 87,1 % | 85,2 % | 84,2 % | 84,1 % | 82,5 % | 81,3 % |
| Dåpsprosent av fødde | 71,6 % | 65,8 % | 64,8 % | 59,3 % | 57,8 % | 56,7 % |

Tala gjeld døypte i kvart årskull. Mange barn fødde i 2016 vil bli døypte i 2017, slik at 2015 er det siste årskullet som kan vise utviklinga.

Utvikling

Me ser at dåpstalet for dei som hører til i kyrkja går jamt ned, med ca. to prosentpoeng årleg frå 2010 til 2014, medan det frå 2014-2015 var ein nedgang på 1,2%. Talet for dåpsprosent av fødde har hatt større variasjonar i same periode, men har frå 2014-2015 gått ned 1,1%. Rundt fire av fem kyrkjemedlemmar døyper nå barna sine.

Tiltak og resultat

Aksjon Dåp, som starta i 2014, ble leia av ei styringsgruppe som var i funksjon til sommaren 2016. 67 av 92 sokn i Stavanger bispedømme var med i aksjonen. Aksjonen har ført til at kyrkjelydane nå tek utviklinga på alvor, ønsker å gjera noko med ho og har fått eit tydelegare fokus på konkrete tiltak. Alle sokn har tilgang på tiltak for å auke dåpsprosenten ved hjelp av «Verktøykassa».

Me har arrangert møte med fokus på dette. Dessutan blei det laga ein ny reklamefilm, som blei vist på kinoane i Sandnes og Stavanger. Filmen har blitt mykje brukt på dåpssamlingar i kyrkjelydane.

Me ser at stadig fleire kyrkjelydar arrangerer dåpssamling i staden for dåpssamtalar, for å kopla dåp tettare saman med trusopplæring. Foreldra kan då møta fleire av dei kyrklelege medarbeidarane dei vil møta på ulike trusopplæringsstiltak.

Kyrkjelydane har også sett på korleis dei inviterer til dåp på nettsidene sine. Mange har utvikla desse slik at dei blir betre verktøy i møte med foreldre.

Kyrkja har hatt eit stort behov for meir kunnskap om kva foreldre tenker. Derfor er det mellom anna gjort ei lokal undersøking i Sandnes sokn, der eit lite utval av familiar som hadde valt å ikkje døypa barnet sitt, blei intervjua. Resultatet gjekk i to retningar, som for ein del respondentar var samanfallande. Det eine var at foreldra ikkje ønsker å ta eit val for barnet sitt. Det andre var at dei opplever stor distanse til kyrkja. Desse funna samsvarar med hovudtrekka frå forsking på dåp i Norge og Danmark i 2015.

I årsrapportsamtalane for 2015 (som blei gjennomførte i 2016) hadde me framleis eit særleg fokus på oppslutninga om dåp, for å sikra at dei tilsette er medvitne om situasjonen i eige sokn og set i gang tiltak for å auka oppslutninga. Mange fortel om spennande tiltak dei har sett i gang, som til dømes barselbesøk på døra med invitasjon til dåp, eller invitasjon i form av ei spennande og delikat brosjyre i posten. Fleire har fått auka medvit om å rekruttera eldre, udøypte born, til dømes ved ulike trusopplæringstiltak.

Dåpsaksjonen har hatt som mål å finna tiltak som gjer at fleire vel å døypa barna sine. Målet var å mobilisera sokna, for å stansa den negative tendensen med økende tal for dåp. Aksjon Dåp har vore med på å auka medvit om dåpstala hos tilsette, og har sett dåpsarbeid på dagsorden.

Me har også klart å gjera dåp til eit tema i det offentlege rommet og i mange heimar, gjennom kyrkjelydsblad og kinoreklame. Eit større fokus på dåp i det offentlege rommet kan ha fungert som ein påminning til nybakte foreldre.



Dåp i Uland kirke

Den prosentvise endringa i dåpstala fra 2014-2015 kan tyda på at tala flatar ut og at tiltaka har vore vellukka. Sandnes prosti, som har vore eit av dei prostia med særleg fokus på dåp dei siste åra, kunne visa til ei oppgang i dåpstala blant kyrkjemedlemmar i 2015.

Ei lokal undersøking her i Stavanger bispedømme for nokre år tilbake viste at det ikkje er statistisk samanheng mellom det lokalkyrkjelege tilbodet generelt og oppslutninga om dåp. Det betyr at oppslutning om

gudsteneste, storleik på barne- og ungdomsarbeid og andre ting som blir målt der ikkje påverkar kor mange av dei som hører til kyrkja som kommer til dåp.

Dette gjev mening ut frå at småbarnsforeldre tar sine val om dåp ut frå andre ting enn korleis kyrkjelyden fungerer. I DIFI si innbyggjarundersøking, får dåp høg score, med 86 av 100. Også her er altså innbyggjarane svært nøgde med møtet med kyrkja. Det er altså truleg ikkje svikt i lokalkyrkjelege tilhøve som har mest å seia for dåpsutviklinga.

Det betyr kanskje meir korleis me som kyrkje står fram for folk flest.

Kommentar til risikovurdering 2015

Den største risikofaktoren er kva haldningar foreldre har til kyrkja generelt og dåp generelt. Dette er det som direkte påverkar ei avgjerd om dåp eller ikkje. Kyrkja kan påverka dette gjennom informasjonstiltak og gjennom sine møte med foreldre.

Medvit om desse utfordringane er for tida høgt, slik at risikoene for at det ikkje blir sett inn tiltak er låg.

Vurdering av resultatet

Hovudmålet om å stanse nedgangen i dåpstala er ikkje nådd. Sidan dåpen er sjølve grunnlaget for medlemsskap i folkekirkja, er dette kanskje den viktigaste utfordringa kyrkja har.

Framtidige strategiar og tiltak

Den norske kyrkja har som oppdrag å døypa og læra, og me har som identitet og mål å vera kyrkje for folket. I åra som kjem vil me sjå om det er mogleg å satse enno meir av på tiltak for å auka talet på døypte. Det aksjonsgruppa har sett i gong, må konkretiserast og gjennomførast i sokna i bispedømmet. Dette vil me fylgja opp i 2017, gjennom årsrapportsamtalane og Forum for

trusopplæring i august. Stavanger bispedømmeråd må i 2017 vurdera kva ein kan gjera for å oppmoda kyrkjelydane til å bruke reiskapane frå verktøykassa vidare.

For å halda på den breie oppslutninga om dåp, må kyrkja vera positivt til stades i kulturen, overfor breidda av småbarnsfamiliane. Kvaliteten på dei kyrkjelege møtepunkta med denne gruppa er sjølv sagt viktig. Me ser også at det er viktig å fokusere på byane, der nedgangen er brattast. Arbeidet med å auka både omfang og kvalitet på trusopplæringstiltak vil kunne påverka dåpstala.

Internt i kyrkja er det viktig å leggja vekt på kva dåpen tyder. Det gir tilsette eit medvit på å møte dei som er usikre på om dei vil døype med at kyrkja er open og dåpen viktig. Mange meiner dei legg for sterke føringar for barna sine viss dei døyper, men kyrkja meiner heller at å vera døypt gir godt grunnlag for å seinare forme sitt eige livssyn, utan å binda eller skapa tvang. Å møta denne utfordringa er ein av dei store pedagogiske utfordringane våre.

Utviklinga kan gje oss inspirasjon til å bli betre på kommunikasjon med dei som ikkje utan vidare kjenner tilknyting til kyrkja og identifiserer seg med henne, sjølv om dei er kyrkjemedlemmar.

Å satse på dåp blir derfor sentralt framover, der utviklinga vil ha mykje å seie for kyrkja si plass i folket. Mellom tre og fire tusen barn blir framleis døypte kvart år, men det er plass til fleire.



4-åringar på gudsteneste

2. OMFANGET I TRUSPLÆRINGSTILBODET AUKAR

Nøkkelindikator: Gjennomsnittleg timetilbod i kyrkjelydane

3. AUKA OPPLÆRINGSTILBOD I TIMAR

Delmål: Omfanget av trusoplæringsstilbod aukar

Indikator: Opplæringsstilbod i timer

Resultat

Gjennomsnittleg timetal på opplæringsstilbod i sokna er ein indikator på om det i Stavanger bispedømme er opparbeidd eit tilbod om trusoplæringsstilbod som relaterer seg til den nasjonale norma for timetal på 315 timer (Plan for trusoplæringsstilbod).

Alle sokna i Stavanger bispedømme er nå fasa inn i trusoplæringsreforma. Sokna har i 2016 eit gjennomsnittleg tilbod om trusoplæringsstilbod på 243,8 timer. I 2015 var det gjennomsnittlege talet 226,9 timer. Det har vore ei omlegging av korleis ein reknar timer i det nasjonale planverktøyet, noko som gjer det vanskeleg å samanlikna tal for 2016 med tidlegare tal og med landet elles. Analysen dette året baserer seg derfor på kva me tenkjer om talet på gjennomførte timer i 2016.

Utvikling

I samband med godkjenning av planar har Stavanger bispedømmeråd vore tydeleg på at dei timane som skal telja i den systematiske og samanhengande planen skal vera tiltak som har eit potensial til å nå breidda av alle døypte. Fleire av sokna er inne i ein prosess med å flytte nokre av tiltaka sine frå den øvre delen av planen (punktuelle breiddetiltak) til under «Andre tilbod til barn og ungdom i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar» (kontinuerlege tiltak). Det er grunn til å tru at hovuddelen av dei timane kyrkjelydane nå skriv i planane sine når breidda av alle døypte, eller har eit potensial i seg til å nå breidda når dei etter kvart blir innarbeidde. Dette er ein prosess som fortset når ein nå går inn i ein planutviklingsprosess og kyrkjelydane på ny skal vurdera korleis ein best mogleg når breidda i sitt sokn.



Biskop Erling får eit barn i gåve av bispedømmerådet

Tiltak og resultat

Stavanger bispedømmeråd arbeider mykje med å halda oppe eit høgt nivå på omfanget av trusopplæringa i sokna. Gjennom årsrapportsamtalar, kurs og samlingar, rettleiing og på visitasar er det eit kontinuerleg fokus på å bygga ut trusopplæringa. Samtidig er det blitt viktig å tenka kvalitet og ikkje bare kvantitet på tiltaka i trusopplæringa. Det er viktig at sokna brukar tid på å bygga opp solide tiltak som kan vara på sikt, og som etter kvart kan samla ei breidd av barn og unge. Viss ein startar mange nye tiltak utan å ha tilstrekkelege ressursar, vil det ofte skada meir enn det gjer godt.

Samtidig er me tydelege på at me er i ein opptrappingsfase. Det totale omfanget av trusopplæringstilbod skal på sikt auka opp mot den nasjonale norma for timeomfang.

Risikovurdering

Risikovurderinga er framleis alvorleg. Me må halda trykket oppe når me er i ei fase med opptrapping av trusopplæringa. Dette handlar om å gje tilsette og frivillige motivasjon og tru på at dei kan få til ei auke i omfanget av trusopplæringa på sikt. Dersom me ikkje klarer dette, kan heile reforma stå i fare for å ebba ut.

Vurdering av resultat

Sokna har ulike føresetnadar for å oppnå det timetalet som er sett i den nasjonale norma. Historie, tradisjonar, lokale forhold, storleiken på soknet og økonomien lokalt speler inn på kva omfang av aktivitetar kyrkjelyden kan legga opp til. Dette vil variera mykje frå sokn til sokn. Det vil framleis gå nokre år før alle tiltaka kyrkjelydane har lagt inn i sine lokale planar blir realiserte.

Om ein samanliknar timetalet i 2015 med 2016, ser me ei auke på 16,9 timer. Me trur at det strategiske arbeidet me driv med årsrapportsamtalar har hatt ein positiv effekt på talet. I desse samtalane kjem kyrkjelyden sjølv med forslag til korleis dei kan trappa opp trusopplæringsarbeidet lokalt, og me trur at slike eigarskap skaper ønske om å nå enda fleire barn og ungdommar.

Endringar i strategiar og tiltak

Viss omfanget av trusopplæringa i sokna skal auka, vil me ha behov for stadig nye idear til tilbod som kan utviklast. Nokre sokn er gode på å skapa nye tilbod sjølve, mens andre er meir avhengige av at andre har utvikla konsept som dei kan tilpassa til sin kontekst. På kurs og samlingar me arrangerer, arbeider me mykje med å finna og presentera gode eksempel på konsept som kyrkjelydane kan bli inspirerte til å bruke. Me gir og råd og tips om tilbod som me kjenner til og som kan vera aktuelle for soknet.

Me vil også utfordra sokna på realistisk opptrapping med utgangspunkt i eigne ressursar: Me vil i tida framover i enno større grad hjelpe sokna til å finna ein god balanse mellom å auka omfanget av trusopplæringa og å legga vekt på kvalitet og forsvarleg ressursbruk. Særleg arbeider me med dette under planutviklingskursa.

4. DELTAKARDEL PÅ NASJONALE BREIDDETILTAK

Delmål: Oppslutninga om trusopplæringstiltak aukar

Indikator: Prosentdel deltarar på nasjonale breiddetiltak

Resultat

Her er tal for gjennomsnittleg oppslutning på breiddetiltak i Stavanger bispedømme

| Gjennomsnittleg oppslutning i trusopplæringstiltak | | | | | | |
|--|--|------|------|------|------|------|
| Alder | Tiltak | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| 0 år | Samtale før dåp | 97 % | 98 % | 101% | 100% | 101% |
| 4 år | Utdeling av bok | 52 % | 53 % | 51% | 53% | 51% |
| 6 år* | Eit tidsavgrensa breiddetiltak for 6-åringar | 32 % | 37 % | 34% | 38% | 35% |
| 8 år | Tårnagenthelg | 21 % | 29 % | 32% | 33% | 32% |
| Ca. 11 år | Lys Vaken | 26 % | 30 % | 27% | 34% | 35% |
| 15 år | Konfirmasjon | 92 % | 87 % | 87% | 85% | 84% |
| 16 år | Breiddetiltak året etter konfirmasjon | 24 % | 23 % | 20% | 16% | 18% |

Utvikling

I gjennomsnittet av i et utval av representative tiltak, tek 51 % av målgruppa del i trusopplæringstilbod i sokna i driftsfasen i 2016. I 2015 var talet 51% og i 2014 var talet 52 %. Dette viser at talet på oppslutninga er relativt stabil, med små variasjonar frå år til år, men at oppslutninga går noko ned.

Den gjennomsnittlege deltakinga i kvart enkelt av dei utvalde trusopplæringstilboda er som følgjer:

- Bispedømmerådet ser at **dåpstala** går nedover i fleire av prostia, særleg i dei store byane. Dette er urovekkjande.
- Dei tradisjonelle tiltaka **Utdeling av bok til 4-åringar** og **Tidsavgrensa tilbod til 6-åringar** har hadde ein liten nedgang frå 2014 til 2015, på 2 % og 4% kvar. Tala i 2016 viser ein nedgang på 2 % og 3 %.
- Det relativt nye breiddetiltaket **Tårnagenthelg** har ein nedgang på 1 % frå året før, og Lys Vaken, som hadde ein betydelig oppgang på 7 % i 2015 fortset å auke med 1 % til 35 % frå 2015-2016.
- Oppslutninga om **breiddetiltak året etter konfirmasjon** har auka frå 16 % i 2015 til 18 % i 2016.

Bispedømmerådet gjennomfører årsrapportsamtale med kontaktpersonar i alle sokn. I samband med dette ser me at talmaterialet frå sokna ikkje alltid er godt nok kvalitetssikra. Me tek derfor etterhald om feilmargin i tala.

Tiltak og resultat

Kommentarar til resultata

Tala inkluderer sokn med godkjend plan. Ryfylke prosti, Karmøy prosti og Vindafjord kyrkjelege fellesråd er ikkje medrekna då deira planar blei godkjende i løpet av 2016. Me har grunn til å tru at dette er område som vil ha ein positiv effekt på tala.

Det er gledeleg å sjå at Tårnagenthelg og Lys Vaken har ei oppslutning på over 30 %, og at begge held seg stabilt over 30%. Stort fokus på desse tiltaka har ført til at mange sokn har valt å satse på

desse. Her har det vore ein positiv smitteeffekt, men me må likevel arbeida for å auka oppslutninga enno meir.

Dei meir tradisjonelle tiltaka, «Utdeling av bok til 4-åringar» og «Tidsavgrensa tilbod til 6-åringar», har hatt ein svak nedgang i 2016. Samtidig er det tydeleg at desse «gamle» tiltaka er godt innarbeidde og at dei held seg på en nokså jamn prosentdel. Dette kan vera eit teikn på at folk i kyrkjelyden kjenner tryggleik i møte med tiltaka og at dei er blitt ein del av familiane sine tradisjonar.

Fleire av kyrkjelydane seier at dei ikkje rapporterer på dei tiltaka dei har for ungdom, fordi dei ser at breidda av ungdom ikkje deltek. Kyrkjerådet har utvikla opplegg for fleire tiltak for ungdomar i alderen 15-18 år dei siste åra. Det vil vera viktig å implementera desse nye tiltaka i sokna. Med gler oss over at tala aukar med 2% frå 2015-2016, samtidig er det ikkje tvil om at det trengst ei målretta satsing på denne målgruppa, både frå Kyrkjerådet og Stavanger Bispedømmeråd.

Tiltak frå bispedømmerådet

Me legg stor vekt på utvikling av kompetanse for å sikra kvaliteten i trusopplæringa. Gjennom kurs, samlingar og rettleiing har me arbeidd for å heva kompetansen til tilsette og frivillige medarbeidarar. Målet er å heva kvaliteten. Kvalitet og godt omdømme kan vera med på å auka oppslutninga.

I årsraportsamtalane blir kyrkjelydane utfordra på oppslutning: Korleis har utviklinga vore dei siste åra og kva kan dei gjere for at fleire skal komme på tiltaka? I 2016 blei årsraportsamtalane for tre prosti; Ytre Stavanger, Dalane og Tungenes, gjennomførte som prostisamlingar. Med tanke på at eigarskap i staben er eit viktig suksesskriterium i trusopplæringa, er dette ein arbeidsform me satsar på framover. Me ser at slike samtaler legg til rette for at fleire frå staben blir med.



Preike på visitas i Lund kirke

Det er avgjерande for oppslutninga på tiltaka at sokna arbeider målretta med kommunikasjon. Nye kommunikasjonsformar utfordrar tilsette i trusopplæringa til å utvikla kommunikasjonsmetodane kontinuerleg. Samtidig ser me at god relasjonsbygging og er god PR. I kurs for nyttilsette i trusopplæring har me veklagt kommunikasjon og marknadsføring.

Mot slutten av 2016, valde me ut tre kyrkjelydar som skal vere pilotkyrkjelydar for det nye nasjonale breiddetiltaket «På sporet». Dei tre kyrkjelydane er Tasta, Gand og Bekkefaret. Me er spente på om deira erfaringar kan ha ein positiv smitteffekt til andre kyrkjelydar som ynskjer å starta opp med «På sporet» og om dette kan auka oppslutnaden for breiddetiltak etter konfirmasjon.

Kommentarar til risikovurdering

Risikovurderinga viser framleis høg alvorsgrad. Me må hjelpe kyrkjelydane til å ha god kvalitet i alle ledd, slik at flest mogleg barn og unge vil delta. Marknadsføring er også avgjérande. Dersom ein ikkje gjer dette godt, kan ein risikera at oppslutninga blir lågare. Då vil færre barn og unge få trusopplæring, og reforma vil mista kraft.

Vurdering av resultatet

Det er store variasjonar i sokna når det gjeld oppslutning om dei ulike trusopplæringstiltaka. Sjølv om ein kan sjå ut til å gjera dei same tinga med omsyn til kvalitet og marknadsføring, kan andre faktorar og spele inn. Tradisjonar på staden, kyrkjelyden si historie, andre tilbod i soknet o.a., kan vera med å påverka kor stor oppslutninga blir.

Endringar i strategiar og tiltak

Tenestegruppene sine bidrag i trusopplæringa:

Det er stort behov for å arbeida meir med kva rolle ulike faggrupper i kyrkja skal ha i trusopplæringsarbeidet. Me ser behov for å arbeida målretta med å involvera alle tenestegruppene i trusopplæringsarbeidet, gjennom rettleiing, kurs og samlingar. Dei årsrapportsamtalane der me kjem på besök til det enkelte soknet, legg betre til rette for at fleire i staben kan delta i samtalene. Me håpar dette skapar større eigarskap til trusopplæringa. På visitas har eigarskap i stab og sokneråd vore hovudsak på agendaen.

Me vil også utfordra Kyrkjerådet til å vera i dialog med dei ulike fagforeiningane for å stimulera til tverrfagleg samarbeid om trusopplæring lokalt. Tverrfagleg samarbeid vil heva kvaliteten på tiltaka i trusopplæringa, slik at fleire barn og unge kjem.

Vegen vidare etter reforma:

Når alle kyrkjelydane nå er inne i reforma, vil det bli betre tid til å arbeida med innhaldet i trusopplæringa og utvikla kompetansehevande tiltak. I tillegg til arbeid med konfirmasjon ser me for oss at me vil arbeida meir med korleis livsmeistring og livstolking kan byggast inn i trusopplæringa. Me ønsker også å sjå på korleis dei sentrale dimensjonane i større grad kan koplast til dei ulike tiltaka i kyrkjelydane. Vidare ser me for oss at tverrfagleg arbeid og trusopplæring som kyrkjelydsutvikling vil vera aktuelle tema.

Stavanger BDR har i løpet av 2016 planlagd ein planutviklingsprosess for 2017-2021 der ein startar opp med de to prostia som har dei eldste planane. Det er utarbeidd eit vegleiingshefte, og kyrkjelydane som skal starta opp dette arbeidet samlar staben til eit møte med rådgjevarane for undervisning og trusopplæring. Planutviklingsprosessen finn då stad fram til neste årsrapportsamtale.

5. OPPSLUTNINGA OM KONFIRMASJON BLIR HALDEN OPPE

Nøkkelindikator: Konfirmerte av døypte15-åringar

Resultat

| Konfirmasjon i Stavanger bispedømme 2007-2014 | | | | | | | |
|---|------|------|------|------|------|------|-------------|
| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Konfirmasjonsprosent av døypte | 92 % | 92 % | 90 % | 89 % | 89% | 87% | 88% |
| Konfirmasjonsprosent av døypte og tilhøyrande | 86 % | 86 % | 85 % | 84 % | 83% | 81% | 83% |
| Konfirmasjonsprosent av alle | 73 % | 72 % | 71 % | 67 % | 68 % | 64% | 64% |
| Konfirmerte | 4421 | 4423 | 4346 | 4185 | 4217 | 4005 | 3926 |

Utvikling

Talet på konfirmerte held seg relativt stabilt, med ein svak oppgang

Årsstatistikken viser ei relativt stabil oppslutning om konfirmasjon dei siste åra, på om lag 90 % av alle døypte. Konfirmasjonsprosenten gjekk litt opp i 2016. I 2015 blei 87% av alle døypte konfirmert i kyrkja, og i 2016 var prosenten på 88%.

Konfirmasjonsprosenten av alle gjekk ned med fire prosentpoeng frå 2014 til 2015, men har ikkje falt ytterligare i 2016. Frå 2010 er nedgangen på nesten 10 prosentpoeng av alle døypte.

Noko av dette kan koma av befolkningsendringar, i og med at ein mindre del av befolkninga høyrer til Den norske kyrkja. Konfirmasjonsprosent av døypte og tilhøyrande går opp med 2% frå 2015 til 2016, og ligg nå på 83%.

Det er vanleg at tala bølgjer noko frå år til år når det gjeld oppslutninga om konfirmasjon i kyrkjelydane, utan at dette gjer store utslag på den totale statistikken. Variasjonen kan ofte forklarast med samansetjing i årskulla, eller andre lokale høve som påverkar oppslutninga det året..

Også konfirmasjon scorar høgt i innbyggjarundersøkinga, med 86 av 100 poeng. Det er altså ikkje grunn til uro når det gjeld kvalitet. Det er viktig at resultatet er godt i møtepunkt som gjeld viktige hendingar i livet.

Reformene dei siste åra krev meir av dei tilsette i kyrkjelyden. Det kan gje færre ressursar til å satsa på konfirmasjon. Trusopplæringsreforma har og hatt eit særleg fokus på å innarbeide nye breiddetiltak. Dermed har fokuset på konfirmasjon ikkje vore like sterkt dei siste åra.

Det er viktig for kyrkja å halda oppe talet på konfirmerte, både av døypte og av heile årskullet. Dersom prosenten blir lågare og lågare, kan den sterke tradisjonen som konfirmasjonen er og har vore i folket svekkast, og det blir ikkje lenger like vanleg eller naturleg å konfirmera seg i kyrkja. Kvalitet blir derfor fortsatt viktig for kyrkja framover. Konfirmantane skal kjenne at kyrkja tek dei på alvor, og vil det beste for dei. Slik kan det gode ryktet gå om at det er kjekt og meiningsfullt å vera konfirmant i kyrkja.

Konfirmasjonsprosent 2015-2016

| Prosti | Konfirmasjonsprosent 2015 | Konfirmasjonsprosent 2016 |
|-----------------------|---------------------------|---------------------------|
| Dalane prosti | 88 % | 84% |
| Haugaland prosti | 83 % | 82% |
| Jæren prosti | 88 % | 85% |
| Karmøy prosti | 88 % | 94% |
| Ryfylke prosti | 91 % | 98% |
| Sandnes prosti | 70 % | 78% |
| Stavanger Domprosti | 65 % | 69% |
| Tungenes prosti | 83 % | 89% |
| Ytre Stavanger prosti | 81 % | 77% |
| Totalsum | 81 % | 83% |

Ser me på tala frå prostia, er det litt andre utslag enn det me kan sjå frå tala på bispedømmenivå. Generelt ser me at arbeidet blant barn og unge er mest krevjande i dei kyrkjelydane som ligg i by eller nær by. Ved sida av Domprostiet (69 %) ser me at Sandnes prosti har låge tal, med ein deltagardel på 78% av alle døypete. Det positive er at tala har hatt ein auke i oppslutninga i Domprostiet og Sandnes på 4% og 8% frå 2015. Den same tendensen ser me i Karmøy, Ryfylke og Tungenes prosti. Her er det en auke i tala på mellom 6%-7% i 2016.

Samtidig ser me at ein del av dei andre prostia har hatt ein nedgang i tala, blant anna Dalane, Jæren og Ytre Stavanger prosti. Haugaland prosti ligg på om lag den same prosenten i 2015 som i 2016.

Me har ikkje noko god og oppagt forklaring på desse tala. Det er positivt overraskande at byprostia Sandens og Domprostiet har ei såpass stor auke i oppslutninga. Relativt sett er også konfirmasjonsprosenten høg, også i ei tid der det ikkje er sjølvsgått.

Tiltak og resultat

Bispedømmerådet har som vanleg vore med på Kyrkjerådet si landsomfattande utsending av konfirmantbrosjyrar til alle 14-åringane i landet. Dette er viktig for å rekruttere konfirmantar og for å markere kyrkja sitt arbeid.

Bispedømmet starta i 2015 planlegginga av ei storsatsing på konfirmasjon i alle prosti hausten 2016/våren 2017. I 2016 har bispedømmet hatt kurs om konfirmasjon i Sandens prosti, Haugaland prosti, Ytre Stavanger prosti, Tungenes prosti og Dalane prosti. Dei resterande prostia får kurs våren 2017.

Målgruppa for kursa er alle dei som er ansvarlege for konfirmantarbeidet i kyrkjelyden. Det har vore god oppslutning på kursa, og dei fleste prestane har vore med. Målet med kursdagen er todelt. Den eine delen handlar om å laga ein meir systematisk plan for konfirmasjonstida. Den andre handlar om å motivera og heve kompetansen hjå dei tilsette når det gjeld metodikk og innhald i konfirmanttida. Bispedømmet har utvikla eit ressurshefte om konfirmasjon som er delt ut til alle deltakarane.

Under «Forum for trusopplæring» i 2016, som samlar om lag 130 medarbeidarar over to dagar, var det eit seminar om konfirmasjon, og eit om det nye breiddetiltaket «På sporet» for ungdom.

Kommentar til risikovurdering og vurdering av måloppnåing

Det er positivt at oppslutninga om konfirmasjon i bispedømmet held seg relativt høg og stabil. På sikt trur me at oppslutninga om konfirmasjon vil vera avgjerdande for oppslutninga om dåp. Dersom ein er konfirmert i kyrkja vil det vera større sjanse for at ein vel dåp i kyrkja. Me vurderer derfor risikoene som

alvorleg, fordi det er så mykje som kjem av oppslutninga om konfirmasjon, og fordi eit fall i tala vil få negative følgjer på sikt. Det må derfor bli ei satsing på dåp og konfirmasjon dei neste åra i bispedømmet.

At oppslutninga om konfirmasjon totalt sett held seg nokså stabil viser at kyrkjelydane gjer ein god jobb med konfirmantarbeidet. At Kyrkjerådet og bispedømmet har eit kontinuerleg fokus på konfirmasjon gjennom ulike tiltak, har truleg ein positiv effekt inn mot sokna. Det handlar om marknadsføring av konfirmasjon gjennom brosjyre, filmar, Facebook og andre kanalar, og eit fokus på nyutvikling av metode og innhald i konfirmasjonstida på kurs og samlingar i regi av bispedømmet.

Me er nøgde med at konfirmasjonstala har gått noko opp i 2016, og håpar at denne tendensen kan vara ved.

Endringar i strategiar og tiltak

Stavanger bispedømmeråd vil følgja nøye med på oppslutninga om konfirmasjon framover, og konfirmasjon vil vera eit område med særleg fokus i 2016/2017.



Elevar syng for biskopen på skulebesøk

6. UNGDOMSARBEID BLIR STYRKA

Mål: Ungdomsarbeid blir styrka
Indikator: Talet på ungdomstiltak og deltarar

Ungdomsdemokrati

Resultat, utvikling og analyse

Det var 37 delegatar på Ungdomstinget (UT) 2016, 5 deltarar utan stemmerett og 4 ungdomar frå Carlisle bispedømme i England (vennskapsbispedømme). Talet på delegatar i 2016 er relativt stabilt frå året før. Arbeidet med påmelding var krevjande, og det måtte brukast mykje tid og ressursar på å få kyrkjelydane til å sende delegatar, noko som tydar på at Ungdomstinget ikkje prioritert i ein stor del av kyrkjelydane.

I 2016 har Ungdomsrådet (UR) møtt både bispedømmeråd og biskop. På begge desse møta blei resolusjonar frå UT drøfta. UT-resolusjonane blei sendt til alle sokn, men me kartlegger ikkje systematisk korleis dette blir tatt vidare i kyrkjelydane.

Rutinen med å leggje UR sine møter opp like før BDR sine møter har tidlegare gitt gode prosessar med tanke på UR sitt høve til å uttale seg om relevante saker som skal opp i BDR. I 2016 makta ein ikkje på grunn av prosessen med val av ny biskop å legge UR-møta på adekvate tidspunkt for å få til dette samspellet med BDR like godt.



Ungdomsrådet

Risikovurdering

Ungdomstinget og Ungdomsrådet har jobba godt med sakar som er relevante for ungdom i kyrkja, men dette har ikkje nødvendigvis vore dei sakane kyrkja generelt har hatt fokus på. Dette kan tyde på at vurderinga av moderat risiko for at UT og UR mangla kompetanse og arenaer for å uttale seg om aktuelle saker var for optimistisk, og bør justerast opp i tida framover.

Vurdering av resultatet

Til trass for gode drøftingar og resolusjonar frå UT, og gode drøftingar mellom UR og biskop og bispedømmeråd, kan me ikkje seie at ungdom i tilstrekkeleg grad har fått medverka som rådgjevarar for biskop, bispedømmeråd og sokneråd. Det fortel om eit ungdomsdemokrati som har eit stort forbetringspotensial.

Endringar i strategiar og tiltak

Sjølv om me ikkje kan vera nøgde med resultatet, er det vanskeleg å sjå kva endringar som skal gjerast i strategiar og tiltak. Fortsatt fokus på trivsel, fellesskap og marknadsføring av UT, fortsatt fokus på gode møtepunkter mellom UR og BDR/biskop, samt fortsatt arbeid med å finne relevante BDR-saker for UR å gje innspel på, bør vera dei viktigaste verkemidla for å fremja ungdomsdemokratiet i bispedømmet.

Ungdomsarbeid i bispedømmet

Resultat og analyse

Ungdomsarbeid er eit satsingsområde i bispedømmet. Den regionale satsinga dei siste åra har likevel ikkje vore ei satsing for å skapa nytt arbeid eller rekruttera nye deltakarar. Satsinga har meir gått på kvalitetsdimensjonen for ungdom og ungdomsleiarar.

På dette området ser me også store svingingar i tala frå år til år. Frå 2015 til 2016 er rapporteringa blitt endra. Tidlegare spurte ein etter tilbod og oppslutning for fleire typar spesifikke tilbod. Nå spør ein etter einskildtiltak og kontinuerleg arbeid som samlekategoriar.

Svingingar i tala kan også koma av tilfeldige utslag og ulike tolkingar på lokalt nivå.

I den grad tala likevel seier noko om ungdomsarbeidet i bispedømmet, er dei urovekkjande. Stort sett ser det ut til å ha vore ei halvering av både tilbod og deltakartal. Prostane i bispedømmet seier dei ikkje kjenner til ei slik endring, noko som kan tyda mot at ein del av dette handlar om formen på rapporteringa. Sokna kan telja ulikt frå år til år og telja tilbod på ulike måtar. Det ser me mellom anna i dei prostivise variasjonane frå år til år.

Her er ei oversikt frå årsstatistikken på ungdomsarbeid frå 2014-2016.

| Ungdomsarbeid 2014-2016 | | | | | | |
|-------------------------|------------|------------|------------|-------------|-------------|-------------|
| Prosti | Tiltak | | | Deltakarar | | |
| | 2014 | 2015 | 2016 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Haugaland | 59 | 77 | 34 | 1269 | 1707 | 332 |
| Ryfylke | 23 | 53 | 7 | 562 | 1100 | 200 |
| Karmøy | 58 | 14 | 52 | 1629 | 253 | 592 |
| Tungenes | 42 | 59 | 19 | 1381 | 1283 | 556 |
| Ytre Stavanger | 56 | 63 | 30 | 1109 | 1635 | 652 |
| Domprostiet | 32 | 53 | 34 | 346 | 821 | 404 |
| Sandnes | 67 | 27 | 44 | 1047 | 515 | 1199 |
| Jæren | 89 | 59 | 46 | 1163 | 1283 | 781 |
| Dalane | 28 | 33 | 3 | 305 | 816 | 46 |
| Sum | 454 | 442 | 269 | 8811 | 9364 | 4762 |

I tillegg til det som kjem fram her, finst det også ungdomskor og ungdomsgudstenester. Desse er ikkje inkluderte i desse tala. Ungdomskor blir sett saman med kor for barn og unge under kultur.

Tala gjev likevel ein indikasjon på at det er på høg tid å fokusera konkret på ungdomsarbeid. Første steg er å skaffa oss meir presis oversikt over kva tilbod som finst.

Ungdomssatsing

Tiltak og resultat

Ungdomskultur er stadig i endring. Merkelappen «Generasjon perfekt» vitnar om ei ungdomsgruppe som er pliktoppfyllande, målbevisste, sosiale og familiekjære. Dei møter utfordringar i travel kvar dag, høge forventningar og press til å vera vellukka og sjå slik ut. I Ungdomsrådet og på Ungdomstinget har dette blitt debattert med utgangspunkt i «det ekte». Dobbeltliv og dobbeltmoral som sak engasjerte delegatane.

Me har sett fokus på korleis ungdomsarbeidarar finn balansen mellom teneste og relasjon til Gud og på kva me formidlar til ungdom, gjennom forkynninga og undervisninga og gjennom måten me organiserer aktivitetane våre. Det ble i 2015 etablert ein dialog med prestar og tilsette som arbeidar med ungdom i kyrkjelydane og å utvikla tiltak som kan hjelpe ungdomsarbeidarar til slitesterkt leiarskap. Eit pilotprosjekt blei utforma. I 2016 ble det halde tre samlingar for ei utvald gruppe ungdomsleiarar. Tilbakemeldingane har vore utelukkande positive, og det kjem sterke ønske frå deltakarane om å fortsetta med eit slikt tilbod.

Kommentar til risikovurdering 2015

Risikovurderinga har treft godt, ut frå responsen me har fått hos ungdomsarbeidarar. I evalueringa til prøveprosjektet ser ein at faren for slitasje hos ungdomsarbeidarar er høg. I samsvar med det høge kravet til kvalitet og aktivitetstilbod i ungdomskulturen, kjenner ungdomsarbeidarar på mykje av dei same utfordringane og forventningane.

Samtidig har nokre av dei me har vore i dialog med, peika på at bispedømmerådet si ungdomssatsing ikkje bør handla om dette åleine. Kartlegging av ungdomsarbeidarar sin verkelegheit, utvikling og utveksling av strategiar og verktøy for ungdomsarbeid er moglege tiltak.

I 2017 ønsker me å leggja ein strategi for korleis me framover skal satsa på ungdomsarbeid i bispedømmet.

C. Folkekirkja engasjerer seg i samfunnet

1. DIAKONI

Me har samla nasjonale og regionale mål i eit eige underavsnitt om diaconi. Dei nasjonale måla dekker viktige delområde av diakonien i kyrkja, men for å teikna eit meir heilskapleg og oppdatert biletet tek me også med eit par andre aktuelle punkt, om flyktningarbeid og samarbeid mellom kyrkja og helsevesenet.

a) FLEIRE KYRKJELYDAR UTVIKLAR PLAN FOR DIAKONI

Nøkkelindikator: *Tal på kyrkjelydar med godkjent plan*

Resultat

Tabellen viser like mange lokale planar for diaconi frå 2014 til 2015. 77 sokn har nå ein lokal plan for diaconi.

| Tal på kyrkjelydar med diakoniplan 2009-2016 | | | | | | | | |
|--|------|------|------|------|------|------|------|------|
| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
| Sokn (92) med lokal plan for diaconi | 25 | 45 | 67 | 70 | 73 | 77 | 77 | 77 |

Tiltak og vurderingar

10 av dei 15 kyrkjelydane som ikkje har plan, er små kyrkjelydar med få tilsette. Til desse kyrkjelydane er det utvikla ein enklare mal for utforming av lokal diakoniplan.

Ingen av dei 15 kyrkjelydane som ikkje har diakoniplan har tilsett diakon eller oppretta diakoniuval. Å ha diakon og/eller diakoniuval har mykje å seia for eit strategisk arbeid med diakonale utfordringar i kyrkjelyden.

Resultatet viser at dette tiltaket ikkje har vore tilstrekkeleg til å nå målet. For å få til ein lokal plan, må dei tilsette i soknet eller soknerådet motiverast til å engasjera seg.

Nye tiltak

I 2017 har me planlagt fagdagar i utarbeiding av lokale planar i Vindafjord fellesråd og i Rennesøy fellesråd, der me har ti av de minste sokna i bispedømmet.

b) FLEIRE KYRKJELYDAR BLIR GRØNE KYRKJELYDAR.

Innleiing

I den nasjonale diakoniplanen er "Vern om skaparverket" og "Kampen for rettferd" viktige område. For å møta desse utfordringane, satsar me på å sertifisera fellesråd som miljøfyrår og utfordra kyrkjelydar til å bli «Grøne kyrkjelydar».

I løpet av dette året har me ikkje fått nye «grøne kyrkjelydar».

Utvikling

| Kyrkjelydar og miljø 2008-2015 | | | | | | | | |
|---|------|------|------|------|------|------|------|------|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
| Grøne kyrkjelydar (av 92 sokn) | 2 | 4 | 9 | 9 | 9 | 13 | 15 | 20 |
| Miljøfyrtårnsertifiserte kyrkjelydar | 12 | 13 | 16 | 16 | 16 | 16 | 16 | 16 |
| Miljøfyrtårnsertifiserte fellesråd (26) | 3 | 3 | 4 | 4 | 4 | 4 | 4 | 4 |

Tiltak, resultat og vurderingar

Dei siste åra har det ikkje vore lett å sertifisera fellesråd som miljøfyrtårn eller få fleire kyrkjelydar til å verte «grøne kyrkjelydar». På fagsamlingar for diakonirådgjevarar har me drøfta denne utviklinga og erfaringa er at i alle bispedømma er det ein merkbar nedgang i mengd grøne kyrkjelydar pr. år. Rådgjevarane skal ha dette som tema på samlinga si i mars 2017.

Erfaringar frå kyrkjelydar som har blitt grøne er at det bør vera nokon i kyrkjelyden som ser at dette arbeidet er viktig. Denne personen bør vera med i soknerådet .

På visitasane utfordrar biskopen kyrkjelydar som ikkje er grøne om å setta i gang ein prosess for å bli det.

I juni blei det arrangert gratis folkefrukost i Stavanger. Det er «Framtiden i Våre Hender», i samarbeid med fylkeskommunen, Stavanger Bispedømme, Ullandhaug økologiske gard og Natur og ungdom som arrangerer frukosten. Målet er at folk skal få smaka det som finst på marknaden av miljøvennleg og «rettferdig» mat, samtidig som dei skal få god informasjon om maten og kvar ein får tak i han.

Endringar i strategiar og tiltak

I år har det vore samtaler med Kirkens Nødhjelp (KN) om samarbeid mellom bispedømmet sine kontaktpersoner i dei grøne kyrkjelydane og KN sine kyrkjelydskontaktar. Desse samtalene har blitt ført vidare i 2016.



*Diakonane i Stavanger på plass i julegata.
(Dette er julevér i Rogaland)*

c) AKTUELL UTVIKLING: KYRKJELYDANE SITT FLYKTNINGARBEID

Kommunane har ansvar for å skaffa bustad til flyktningar og asylsøkarar som har fått godkjent asylsøknaden sin. Utgifter til mat, klede, bustader og norskopplæring får kommunen dekt via statlege overføringer. Det er likevel store behov på det mellommenneskelege planet. Dette gjeld òg for asylsøkarar og flyktningar som allereie er her.

I slikt arbeid er kommunar og frivillige i kyrkja ein ressurs for kvarandre. Kyrkjelydar i har sett i gang hjelpetiltak retta mot akuttmottak eller for å integrera kvoteflyktningar som kjem til regionen vår.

Frivillige frå mange kyrkjelydar i vårt bispedømme har tatt imot asylsøkarane ved å bli fadrar, gjennom språkkafear, kvinnegrupper, tolketenester på gudsteneste, ALPHA-kurs og leksehjelp. Nokre kyrkjelydar har kvar veke treningstid i hallar med nordmenn og asylsøkjarar, andre har strikke/hobbykveldar for innvandrarkvinner, ein kyrkjelyd har etablert eit nytt utval som skal ha fokus på integrering av flyktningar og asylsøkarar, ulike kulturar og religionsdialog.

Det er starta ein «Global kafé» som er *ein myldrande møteplass mellom ulike kulturar. Her er det både byrjande *norsklæring kombinert med godt kroppsspråk, spel og lek, tradisjonell dans, og god relasjonsbygging over ein kopp te.



Vår Frelsers kyrkjelyd har gjort avtale med NAV TEAM FLYKTNING i Haugesund kommune om språkpraksis for to deltakrar i introduksjonsprogrammet deira. Dette inneber at to damer – ei frå *Eritrea og ei frå Burundi - skal vera med på kyrkjelydshuset kvar fredag for å laga i stand mat og til ope hus og rydde og vaska – saman med frivillige og tilsette.

I Stavanger blei det etablert eit økumenisk hjelpetiltak: www.vivilhjelpe.no, som IMI-kirken, Intro-menigheten og diakonane i byen står bak. Den viktigaste bodskapen frå desse er «Hver flyktning - en fadder».

Denne situasjonen gjer bibeltekstar aktuelle: «Det dykk gjorde mot ein av desse dei minste brørne mine, gjorde de mot meg». Tilhøvet vårt til dei minste og til dei svakaste avspeglar tilhøvet vårt til Gud. Det dobbelte kjærleiksbotet seier at me skal elska Herren vår Gud av heile hjartet vårt og nesten vår som oss sjølv. Teologi, tru og praksis heng saman.

Mange av flyktningane og asylsøkarane har våga å nærma seg kyrkja og kyrkjelyden gjennom desse aktivitetane.

d) GOD SAMHANDLING MELLOM HELSEVESEN OG KYRKJE, FOR Å SIKRE RETTEN TIL ANDELEG LIV FOR ALLE.

Innleiing

Plan for diakoni legg opp til styrking av samarbeidet med organisasjonar, helseinstitusjonar og offentlege instansar.

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut eit rundskriv (1-6/2009 Rett til egen tros- og livssynsutøving), som skal sikra at dei som er avhengige av praktisk og personlig bistand frå den kommunale helse- og omsorgstenesta får moglegheiter til tru- og livssynsutøving.

For å sikra at alle får slike rettar, ser me det som nødvendig at diakonar og prestar samhandlar med den offentlige helsetenesta, andre institusjonar og organisasjonar.

Tiltak og resultat

Me har etablert eit «Samhandlingsforum for kyrkje og helse i bispedømmet», som skal stimulera og støtta opp under lokale samhandlingstiltak, dela erfaringar og drøfta felles utfordringar. Blant menneske med ulike utviklingshemmingar blir palliativ handsaming eit stadig større behov. Fleire i denne målgruppa når høgare levealder enn før, og omsorg i slutten av livet betyr mykje.

Palliativ omsorg er ei form for omsorg som er meir oppteken av å redusera og lindra symptomata til ein sjukdom framfor det å finna ein kur. Han tek sikte på å auka *livskvaliteten, og tek særleg sikte på å redusera smerte.

Me har arrangert samlingar om dette for å auka kompetansen og skapa grunnlag for samarbeid. På landkonferansen «Liv til dagane» i Stavanger var det ein eigen sesjon for prestar og diakonar. Helse Stavanger og sjukeheimpresten på Tasta har arrangert ein fagdag om «Åndelig omsorg for menneske som har ein demenssjukdom», med deltakarar både frå kyrkja og helsevesenet.



Skudeneshavn

2. KYRKJA BLIR MEIR TILGJENGELEG PÅ INTERNETT

Nøkkelindikator: Talet på treff på nettsider

I 2016 hadde bispedømmet 28 963 økter på nettsidene og 14 847 brukarar. Det er ei god auke frå 2015, då det var 22243 treff på sidene. I alt er det altså om lag 80 treff pr. dag på nettsida. Auka i treff er på 30 % og i brukarar på over 50 %.

Bispeskiftet er truleg ei av årsakene til den auka interessa, men me har også arbeidd meir systematisk med informasjon det siste året. Me har lagt ut fleire saker og brukt Facebook meir aktivt.

Truleg er ein del av brukarane fortsatt tilsette. Framover vil truleg Kyrkjebakken ta over ein del av desse treffa og brukarane.

Fleire fellesråd har slutta seg til Kyrkjebakken i 2016. Me arbeider for at dette skal bli ein naturleg kommunikasjons- og samhandlingsarena for flest mogleg. Dette har me brukt stillingsressurs til i året som gjekk.



Nettsider og intranett er ein svært tenleg og viktig kanal for å utføra bispedømmeråd og biskop sitt oppdrag om å bidra til det kyrklelege livet i bispedømmet. Gjennom nyhende og informasjon blir både saker bispedømmerådet arbeider med og bispedømmeråd og biskop som organ lettare tilgjengelege og meir synlege.

Nyhende frå bispedømmet blir også delt på Facebook. Sida har førebels under 300 brukarar, men dei mest aktuelle sakene har nådd opp mot 9000 personar. Saker om kyrkjebygging, i Sola og Kopervik, har blitt delt mange gongar. Den mest populære saka var ei nyhende om den første kvinnelege presten på Karmøy, med over 450 delingar.

På dette området reknar me målet for 2016 som nådd.

I 2017 vil me framleis prioritera personell til å driva informasjonsarbeid. Tilstrekkeleg ressurs til dette er viktig for resultatet. Me vil også satsa vidare på Facebook og på at fleire skal ta i bruk kyrkja sine felles informasjonsløysingar.

3. FLEIRE KYRKJELYDAR ER ENGASJERTE FOR MISJON

Mål: Fleire kyrkjelydar blir engasjerte for misjon
Indikator: Talet på kyrkjelydar med misjonsavtale

Resultat

Det er 133 misjonsavtalar i kyrkjelydane i Stavanger bispedømmes ved utgangen av 2016. Dette er fire avtalar meir enn året før. 101 av dei 133 avtalane er innafor r., amma av «Samarbeid Menighet og Misjon» (SMM). Det er ei reduksjon på 23 SMM-avtaler frå året før. Alle kyrkjelydane i bispedømmet har minst ein misjonsavtale.

Utvikling

Talet på misjonsavtaler i bispedømmet har vore stabilt dei siste åra. Likevel ser ein at talet på SMM-avtaler har blitt ein del redusert sidan i fjor. Det er særleg tre faktorar som ein kan trekke fram som mogleg årsak til nedgangen på SMM-avtalar. For det første var det ei lengre periode med vakans i stillinga som rådgjevar misjon på bispedømmekontoret. For det andre har det vore organisasjonsendringar og utskifting av stab blant nokre av SMM sine partnarar. Det er også ein merkbar nedgang i talet på misjonsutval i kyrkjelydane.

Tiltak og resultat

Det har vore et prioritert fokus på kompetanseutvikling innafor misjon, særleg inn mot ungdom, trusopplærarar, prestar og prostar.

Det har blitt undervist om misjon på fleire arrangement i året som gjekk, til dømes på Ungdomstinget, konfirmantverkstad (eit i kvart prosti), 3 prostilagsbesøk og på forum for trusopplæring. Dette har blitt gjort for å auka desse målgruppene sin kompetanse på forholdet mellom kyrkjelyd og misjon, synleggjera misjonen sin sentrale plass i Den Norske Kyrkja sitt arbeid og auka kjennskapen til det konkrete arbeidet som blir drive av SMM-partnarane. Det finst ikkje tal som kan visa om dette har ført til auka misjonsfokus i kyrkjelydane, men det generelle inntrykket er at medvit og engasjement har blitt styrka.

Kommentar til risikovurdering 2016

Delmål A: Når det gjeld om kyrkjelydane har motivasjon og kapasitet til å fokusera på misjonsoppdraget, ser risikovurderinga ut til å ha vore korrekt. I mange kyrkjelydar får misjon liten plass. At fleire misjonsutval også blir lagt ned, kan føra til redusert engasjement i kyrkjelydar kor det allereie er stort arbeidspress på staben. Denne risikovurderinga kan sannsynlegvis brukast vidare i planane.

Delmål B: Det er tydeleg at det trengst fleire ressursar knytt til dei ulike misjonsavtalane, så risikovurderinga ser ut til å ha vore korrekt også her. Fleire kyrkjelydar strever med å finna metodar for å setta fokus på misjon i aktivitetane sine. Samtidig er det ein aukande problemstilling at ikkje alle partnarane i SMM samarbeidet har dagsaktuell informasjon som er sentralt for at kyrkjelyden klarar å ha eit sterkt engasjementet. Alvorsgraden kan oppjusterast, sidan å ha gode ressursar i samband med misjonsavtalen er viktig for kyrkjelydane.

Vurdering av resultatet

Resultatet er tilfredsstillande ut frå situasjonen i bispedømmet. Til tross for ei reduksjon i SMM-avtaler, som dels skuldast ein lengre vakansperiode for rådgjevar misjon, har alle kyrkjelydar minst ein misjonsavtale. For det andre: Med det sterke fokuset på store reformer dei siste åra, kan ein ikkje

venta at kyrkjelydane samtidig har like sterkt fokus på å få fleire misjonsavtalar og aktivitet rundt desse. At det likevel er auka interesse for å setta misjon og misjonsavtalene i fokus tyder på at tiltaka gjev resultat.

Endringar i strategiar og tiltak

Erfaringane frå dei siste åra tyder på at ein skal fortsetta å fokusera meir på kvalitet i misjonsavtalene enn på kvantitet. Det ligg eit særskilt ansvar på dei SMM-organisasjonane som har mange avtaler i bispedømmet. Samtidig er det viktig å satsa vidare på kompetanseutvikling og kommunikasjonsverktøy. Kyrkjelydane treng å bli utfordra på kor viktig misjon er og korleis dei kan setta misjon i fokus. I 2017 vil det både bli satsa på å styrka organiseringa i kyrkjelydane, samt oppfølging frå SMM-partnarane på sine avtalar.



Signering av ny vennskapsavtale med Fianarantsoa-bispedømmet på Madagaskar

4. FLEIRE TEK DEL I PILEGRIMSARBEIDET

Nøkkelindikator: Talet på arrangement med pilegrimstema og tal på deltakarar

Innleiing

Pilegrimsarbeid er strategisk i ei tid då den religiøse lengsla er stor, men kor mange kanskje finn si plass i kyrkja. Pilegrimsarbeid handlar om meir enn å leggja til rette for vandringar. Den fornya og spirande pilegrimsrørsla kan bera i seg kima til ei fornying i kyrkja og ny-definering av fellesskapet. Ho er open i inngang, men tydeleg i målet sitt. Ho bygger bruver mellom generasjonar og mellom kyrkje og samfunn, lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Resultat

Me har dei siste åra sendt ut spørsmål om lokale pilegrimsarrangement til kyrkjelydane, for å kunna følgje utviklinga i pilegrimsarbeidet. Me har fått ein del tilbakemeldingar, slik tabellen synar, men me har ikkje fått inn frå alle.

| | Pilegrimsstatistikk 2013-2016 | | | | | | | |
|---|-------------------------------|-------|------|-------|------|-------|------|-------|
| | 2013 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | |
| | Tal | Delt. | Tal | Delt. | Tal | Delt. | Tal | Delt. |
| Retreat på Utstein pilegrimsgard | 20 | 139 | 20 | 136 | 20 | 194 | 13 | 148 |
| Retreat lokalt | | | 2 | 25 | | | | |
| Lokale vandringar | 22 | | 20 | 550 | 30 | 706 | 14 | 514 |
| Vera arrangør/medarrangør ved regionale/nasjonale/internasjonale pilegrimsturar | 2 | 24 | 3 | 101 | 3 | 24 | 2 | 40 |
| Vera arrangør/medarrangør ved møter, kurs og konferansar om pilegrimsarbeidet | 2 | 81 | 1 | 21 | 4 | 48 | 0 | |
| Pilegrimsrådsgudstenester | 10 | | 10 | 381 | 10 | 324 | 6 | 510 |
| Andre arrangement med pilegrimstema | 7 | | 10 | 220 | | | 3 | 70 |
| Prosti med pilegrimsarrangement | 7 | | 8 | | 8 | | 8 | 9? |

Ut frå det me veit har det i 2016 vore pilegrimsarrangement i alle dei 9 prostia i bispedømmet. Me har dessverre ikkje fått inn tal frå alle dei ulike pilegrimsrådene. Derfor viser ikkje tala heile biletet av aktiviteten.

Utvikling

Pilegrimsengasjementet er sterkt mange stader i bispedømmet, og me erfarer at det er skapt gode tradisjonar med faste pilegrimsarrangement fleire stader i bispedømmet. Me opplever at kvaliteten på opplegg og lokale vandringar blir stadig betre. Me haustar lærdom av erfaringane me gjer i arbeidet, noko som fører til at dei faste tiltaka stadig blir betre.

Tiltak og resultat

Ut frå dei tilbakemeldingane me har fått, kan det sjå ut som pilegrimsaktiviteten held seg nokså stabil. Det er ikkje dei store endringane å spora når det gjeld mengd arrangement eller deltakarar.

Resultatet kan likevel tyda på vekst i det lokale arbeidet, sidan det ikkje har vore større tiltak som skapar høge tal, som t.d. nasjonal pilegrimskonferanse eller kystpilegrimsseilas med stor båt dette året.

Me har tru på at arbeidet som er i gang vil veksa. Det er ein utfordring at me frå hausten 2016 har mindre stillingsressurs på pilegrimsarbeidet enn tidlegare.



Pilegrimar på Varhaug gamle kyrkjegard

Kommentar til risikovurdering 2016

Det er fleire sokn i bispedømmet som ikkje har fokus på pilegrimstema. Pilegrimsarbeidet er avhengig av at tilsette og frivillige har engasjement og ser moglegheitene i dette.

Endringar i strategiar og tiltak

Me ser inga grunn til endring i strategi, men vil føra vidare utviklinga av tiltaka som fungerer: Retreatar på Pilegrimsarden, Pilegrimsforum, langvandringar til Stavanger domkirke og Røldal, Kystpilegrimsleia i Rogaland og lokale vandringar.

Me vil arbeida konkret med utvikling av pilegrimsvandringar for barn og ungdom i samarbeid med trusopplæringa. Me vil arbeide vidare med eit prosjekt som har fokus på kyrkjebygget som heilag stad og utvikla materiell som kan hjelpe kyrkjelydane å sjå dei verdiane som ligg i arkitekturen og kyrkjekunsten i deira lokale kyrkje.

5. STYRKE KYRKJA SIN INNSATS I DIALOGARBEIDET

Nøkkelindikator: Talet på møtepunkt der kyrkjelydane er med

Innleiing

Dialogarbeid er eit satsingsområde. Samarbeidet med Dialogsenteret er forankra i bispedømmet sin årsplan. Målformulering og indikator står ikkje i årsplanen, men gjev uttrykk for intensjonane om samarbeid mellom Dialogsenteret og kyrkjelydane.

I denne årsrapporten vil me fokusera særskilt på verksemda ved dialogsenteret.



*Helsing frå dialogsenteret på avskil for biskop Erling.
Det blei hjartelag latter då Odd Kristian Reme nemnde at her er
dialogpresten fødd i utlandet, mens den muslimske
representanten er lokal og snakkar klingande stavangersk..*

Om arbeidet ved dialogsenteret.

Kyrkjeleg Dialogsenter Stavanger har hatt eit godt år, med høg aktivitet på fleire område.

Dialogsenteret er kyrkja sitt organiserte arbeid for å fremja dialog om tru, vennskap og kjennskap på tvers av livssyn. I mangfoldssamfunnet er dette ei av kyrkja sine viktige oppgåver i vår tid.

Det er i alt åtte kyrkjelydar som på ulikt vis har samarbeidd med Dialogsenteret og Areopagos i 2016: Eigerøy og Egersund, Sola, Haugesund, Karmøy, Bryne, St. Petri og Domkyrkja. St. Petri har i tillegg til månadlege dialogmesser misjonsavtale med Areopagos. Domkyrkja samarbeider med Dialogsenteret og Areopagos

om faste samlingar med kristen meditasjon i Bispekapellet.

Stavanger bispedømmeråd, Areopagos og Stavanger kyrkjelege fellesråd stifta Dialogsenteret i 2012, og er representerte i styret der biskopen er styreleiar. Senteret arbeider langs tre hovudspor:

- Samarbeid og dialog med trus- og livssynssamfunn, i stor grad gjennom Samarbeidsrådet for Tros- og Livssynssamfunn (STL) i Stavanger-regionen. I 2016 har det vore samarbeidd om ti opne dialogkveldar med ulike tema, to seminar, eit fredsmåltid i Domkirken (med over 100 deltagarar), og ei ny ungdomskonferanse mot ekstremisme i samarbeid med Sølvberget kulturhus i Stavanger, med 160 deltagarar frå ulike livssyn. Dialogkveldane har i snitt samla rundt 20 deltagare og vekslar mellom Sølvberget Kulturhus og lokala til ulike tros- og livssynssamfunn.
I tillegg til disse opne arenaene har det vore satsa mykje på den bilaterale dialogen mellom kyrkja og muslimane. Dialogprest og imam har saman vore med på samlingar i kyrkjelydar og i regi av andre aktørar, der dei saman har presentert skilnadar og fellestrekks mellom islam og kristendom. «Kirken møter moskèen» har hatt fire samlingar i 2016, der seks prestar og seks imamar / moskèleiarar har vore med.
- Samarbeid og dialog med nyandelege miljø, til dømes gjennom Alternativmassa, seminar og kurs. Den eine dialogpresten har bakgrunn frå og godt kjennskap til alternativmiljøa. Ho har halde foredrag og ulike dialogaktivitetar inn mot dette miljøet.
- Kontemplasjon og kristen meditasjon. I samarbeid med Areopagos Rogaland og Domkirken blir det invitert til kristen meditasjon 8-10 gonger kvart halvår i Bispekapellet, med 12-20 deltagarar kvar gong. I tillegg har Dialogsenteret gjennomført ti dialogmesser i St. Petri kirke i 2016.

Organisering og utvikling

Dialogsenteret er ei fast verksemd organisert som ei eiga foreining. Stavanger bispedømmeråd og Areopagos har to medlemmer kvar i styret, og Stavanger kyrkjelege fellesråd har eit medlem. Alle tre eigarane bidreg med tilskot med ei prosentvis fordeling på 40-40-20. Dette utgjorde i 2016 i alt 325 000 kroner. Stavanger kommune og Rogaland fylkeskommune bidrog i 2016 med 400 000 og 100 000 kroner kvar. Kulturdepartementet gav hausten 2016 350 000 kroner til Dialogsenteret – same beløp som året før.

Utviklinga frå 2012 har vist ein jann vekst, både i forhold til økonomi, stillingsressurs (frå 50 % til 170 % stilling) og i forhold til verksemda: Samarbeid med kyrkjelydar, trus- og livssynssamfunn og andre aktørar.

Tiltak og resultat

Eit av dei viktigaste enkelprosjekta i 2014-16 har vore «Ung Dialog». Ungdomsrådet i Stavanger bispedømme markerte i 2013 eit klart ønskje om å satsa på og utvikle dialogprosjekt, og Dialogsenteret følgde opp med å etablera «Ung Dialog».

Atten ungdomar frå dei tre største livssynssamfunna i bispedømmet gjennomførte to kurs i dialog om tru og samhandling. Dei har lært av kvarandre - og har tatt sine erfaringar med seg inn i skuleklassar. I 2016 har ein tatt initiativ til at «Ung Dialog» blir eit fast nytt medlemsbasert tiltak, med eigen ungdomskoordinator.

I tillegg til månadleg dialogkveld er det dialogmesse i St. Petri første torsdag i kvar månad. Her samarbeider Dialogsenteret med Kirkens Bymisjon m. fl., under konseptet «Hver Torsdag» i St Petri, der ein kombinerer måltid, meditativ messe og tekstdialog. I snitt har det vore rundt 30-35 deltagarar i 2016.

Vurdering av resultatet

Resultatet er tilfredsstillande ut frå dei ressursane ein har til disposisjon. At me nå også er i gang med vidareutvikling av prosjektet «Ung Dialog» er eit viktig bidrag for å nå målet om at fleire kyrkjelydar blir engasjerte for dialog.

Endringar i strategiar og tiltak

For 2017 blir det satsa på Ung Dialog med ungdomskoordinator på opptil 40% stilling, og der ein søker eit nærrare samarbeid med enkeltkyrkjelydar og kristne ungdomsorganisasjonar, slik at erfaringane frå Ung Dialog blir knytt sterkare opp til kyrkja sitt ungdomsarbeid. Det er ei utfordring å rekruttera deltagarar til Ung Dialog, også kristne ungdommar.

I 2017 vonar Dialogsenteret at det kan utviklast eit tilbod om kursing i dialogarbeid til enkeltkyrkjelydar: Korleis bli ein dialogkyrkjelyd? Her vil me bygga på erfaringar frå Dialogsenteret i Oslo.

6. DEN NORSKE KYRKJA SKAL VERA ORGANISERT I SAMSVAR MED DEMOKRATISKE PRINSIPP OG VERDIAR

Nøkkelindikator: Valdeltaking og kjønnsfordeling i valde råd

Det er ikke nytt kyrkjeval før i 2019. Den demokratiske verksemda i bispedømmet og sokna er i normal drift. Bispedømmerådet vil som vanleg bidra i planlegging av kyrkjevalet i 2019 og utviklinga av kyrkja si organisering.

Stavanger bispedømmeråd 2016-2019 består av fem kvinner og fem menn. I sokneråda i bispedømmet er det 53 % kvinner og 47 % menn. Valordninga verkar altså tilstrekkeleg til å sikra kjønnsbalanse.



Stavanger bispedømmeråd i arbeid

D. Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja

1. REKRUTTERINGA TIL VIGSLA STILLINGAR BLIR STYRKA

Nøkkelindikator: Talet på vigslingar

Talet på vigslingar dekkjer ikkje alt som gjeld rekruttering til vigsla stillingar. Vigsling er sluttspunktet i ein lang prosess.

Mengda vigslingar heng sjølvsgart også saman med ledige stillingar og kor mange nye som trer inn i dei, som ikkje er vigsla enno.

Me har ikkje systematisk oversikt over tilsettingar og ledige stillingar i sokna og fellesråda. Me har likevel generell kjennskap til situasjonen for dei ulike stellingskategoriane.

Som før hender det også at ein tilset personar innafor diakoni og kyrkjemusikk som ikkje er fullt kvalifiserte. Som før tek fleire av desse vidareutdanning for å kvalifisera seg etter dei er tilsette, slik at tilsetting og verkar rekrutterande.

Resultat og analyse

Her er oversikt over vigslingar dei fem siste åra.

| Vigslinger 2012-2016 | | | | | | |
|----------------------|------|------|------|------|------|-----|
| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | Sum |
| Kateketar | | 1 | | 1 | 1 | 3 |
| Prestar | 7 | 4 | 3 | 7 | 11 | 25 |
| Kantorar | 1 | 2 | 1 | | | 3 |
| Diakonar | 2 | | 2 | 1 | 4 | 8 |

I 2016 var det heile 11 prestevigslingar. Det er det høgaste talet i perioden. Me gler oss også over god motivasjon, rolleforståing og kompetanse hjå dei nyutdanna prestane. Alle har vore deltagarar i «Vegen til presteteneste». Mange av desse har blitt vigsla til vikarstillingar eller stillingar retta mot barn og unge.

Kateketar, kantorar og diakonar blir gjerne lenge i stillingane sine, og bytter mellom kyrkjelydar når dei skifter jobb. Det siste året har det minst ein gong vist seg vanskeleg å rekruttera til minst ei 100 % kateketstilling, slik at ein har måttå løysa behovet ved å bruka vikar.

I 2016 lyste me ut åtte prestestillingar. Det var 44 søkerar til stillingane. Det er ikkje meir enn mellom fem og seks pr. stilling. Dette er noko mindre enn tidlegare, men tilfredsstillande.

Stavanger bispedømme har pr. i dag flest prestar i landet over 60 år. Nær 40 prosent av prestane er i denne aldersgruppa.


Tiltak, resultat og vegen vidare.

I bispedømmet har me ei relativt stabil gruppe tilsette med om lag 20 vigsla kateketar, med lang erfaring og gode kvalifikasjoner. Å styrkja kateketane si rolle vil kunne vera rekrutterande på sikt.

Diakonar som blir tilsette utan diakonkompetanse blir oppmoda til å ta vidareutdanning og bli vigsla diakonar.

Fleire kantorar enn før har orgelelevar. Konseptet med «orgelklubb» for born er også ein suksess. Me ventar den auka interessa vil kunne gjera det lettare å rekruttera kvalifiserte kyrkjemusikarar på sikt.

Me har vidareført dei same tiltaka for rekruttering av prestar som tidlegare. Me arrangerer forum for teologistudentar, har ei annonse i utdanningsmateriell med brei distribusjon til skuleelevar, fylgjer opp VTP og tek del i karrieredag på Misionshøgskulen. Rekruttering er eit tema både blant prostar og lokalt tilsette.



Risikovurdering og årsplan

Me ønsker likevel å satsa meir på rekruttering framover. Me ser både behov for å styrke ungdomsarbeid, for å skapa grunnlag for rekruttering. Me ønsker også meir kontakt med ungdomsmiljø i bispedømmet, for å gjera kyrkjeleg teneste kjent og attraktivt. Første steg i dette er å setja ned ei rekrutteringsgruppe internt, som kan leggja planar for tiltak. Dette er ein del av årsplanen for 2017.

Elles i 2017 vil me kartlegga behovet for nytt rekrutteringsmateriell. Her kan det vera aktuelt med samarbeid på nasjonalt nivå. Me ønsker også å informera konfirmantar om kyrkjeleg teneste, setja rekruttering på dagsorden i prosti og tilby kontakt med prestar og kyrkjelydar til dei som studerer teologi. I tillegg til dette ønsker me å vera ein attraktiv arbeidsgjever og ha ein personalpolitikk som verkar rekrutterande.

Me er framleis i det raude området av risikovurderinga, sidan det vil vera svært problematisk for kyrkja om det ikkje finst menneske som ønsker å gjera teneste i kyrkjelege stillingar.

2. FLEIRE BLIR ENGASJERT I FRIVILLIG TENESTE I KYRKJA

Nøkkelindikator: **Tal på frivillige**

Innleiing

Me har som mål å ha motiverte og kompetente lønna og ulønna medarbeidarar på alle nivå. Dei frivillige er den viktigaste ressursen i kyrkja, og må takast godt vare på. Frivillig medarbeidarskap krev eit målretta arbeid, både når det gjeld rekruttering, opplæring og oppfølging.

Arbeid med frivillige er eit tverrgående perspektiv i bispedømmet si verksemd. Det gjeld både gudsteneste, trusopplæring, kultur, inkludering og diakoni. I 2016 har talet på frivillige auka. Den største auka er innafor den gruppa som er uspesifisert. Å auka talet på frivillige i 2017 vurderer me som eit sterkt resultat.

Her er prostivis utvikling i tal på frivillige medarbeidrarar.

| Frivillige 2014-2016 | | | | | | | | | | |
|----------------------|--------------|--------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|--------------|
| Prosti | Medl. | Totalt | Gudst | Barn | Unge | Diak. | Kult. | Utv. | Anna | % av medl |
| DALANE | 18096 | 795 | 400 | 178 | 103 | 164 | 69 | 191 | 103 | 4,3 % |
| HAUGALAND | 43733 | 1369 | 273 | 515 | 250 | 231 | 178 | 205 | 330 | 3,1 % |
| JÆREN | 51963 | 2379 | 961 | 798 | 327 | 333 | 148 | 447 | 637 | 4,6 % |
| KARMØY | 33601 | 1631 | 639 | 341 | 163 | 308 | 103 | 371 | 170 | 4,9 % |
| RYFYLKE | 20274 | 1094 | 435 | 250 | 277 | 283 | 65 | 198 | 77 | 5,4 % |
| SANDNES | 50518 | 1822 | 956 | 329 | 311 | 211 | 104 | 272 | 398 | 3,6 % |
| DOMPR. | 41533 | 1677 | 780 | 234 | 179 | 229 | 153 | 271 | 261 | 4,0 % |
| TUNGENES | 33642 | 1848 | 723 | 610 | 374 | 418 | 234 | 342 | 274 | 5,5 % |
| YTRE STAV. | 45382 | 1551 | 545 | 454 | 307 | 353 | 298 | 235 | 415 | 3,4 % |
| Sum 2016 | 339 K | 14166 | 5712 | 3709 | 2291 | 2530 | 1352 | 2532 | 2665 | 4,2 % |
| 2015 | | 13452 | 5716 | 3664 | 2237 | 2769 | 1346 | 2606 | 922 | 3,9 % |
| 2014 | | 13160 | 5597 | 3596 | 2186 | 2193 | 1116 | 5232 | 2676 | - |

Gudsteneste

I tidlegare undersøkingar har me sett at god involvering aukar gudstenestedeltakinga.

Resultatet frå 2016 viser at talet på frivillige i gudstenesta er stabilt, med 5712 frivillige, i snitt 62 pr. kyrkjelyd. Dette viser at sokna brukar mykje ressursar på å arrangera gudstenester. Sidan det også finst andre behov, må satsinga på dette balanserast. Det varierer frå stad til stad om behov er å involvera fleire eller å gjera gudstenestefeiringa litt mindre ressurskrevjande.

I tala for frivillige ser me framleis kjende kulturelle forskjellar mellom ulike delar av bispedømmet. Den frivillige innsatsen er størst på Nord-Jæren og noko mindre i bispedømmet sine grenseområde i alle retningar.

Me fekk ikkje utvikla ressursmateriell til involvering av frivillige i gudstenesta i 2016, men har dette som eit punkt i planen for 2017.

Trusopplæring

Utbygging av eit kvalitatativt godt tilbod til alle døypte mellom 0–18 år krev brei involvering og planmessig innsats med frivillig medarbeidarskap. Dette er eit av dei viktigaste tiltaka for å kunne tilby trusopplæring for alle døypte.

I 2015 var 3664 frivillige med i barnearbeit og 2237 med i ungdomsarbeid. I 2016 har me hatt ei lita auke i begge gruppene, på 45 og 54 frivillige. Åra før har og vist ein liten auke i tala.

Det er grunn til å tru at veksten heng saman med trusopplæringsreforma og det auka omfanget av tilbod til barn og unge i kyrkjelydane. Det er framleis eit sterkt behov for nye frivillige medarbeidrarar for å kunne gjennomføra den opptrappinga reforma legg opp til.

På bakgrunn av at me veit det er ei generell utfordring i samfunnet å rekruttera frivillige medarbeidrarar, også av større strukturelle grunnar som gjer at mange har mindre ledig tid, er veksten gledeleg. Kanskje peikar han på kva kyrkja betyr lokalt, og på at mange gjerne engasjerer seg i kyrkja sitt arbeid for barn og unge.

I 2014 blei dei siste prostia med i trusopplæringsreforma i full skala. I oppstarten er det sterkt fokus på frivillig medarbeidarskap. På dei ulike kursa, i plangodkjenning, årsrapportsamtalar, fagsamlingar og

på visitas blir dette lyfta fram som avgjerande. Lokalt legg også kyrkjelydane vekt på dette, sjølv om dei også gjev melding om at det er krevjande arbeid.

Når alle sokna nå er fasa inn og alle har ein godkjend plan for trusopplæring, må me finna nye arenaer for å halda opp det same trykket som før. Frivillig medarbeidarskap har og vore viktig i satsinga på konfirmasjon.

Inkluderingsarbeidet

Dei frivillige spelar ei viktig rolle i arbeidet med inkludering. Me finn dei mellom anna i det kontinuerlege arbeidet i klubbar, lørdagskaféar, speidararbeid og weekendarbeid. Nokre stader er dette arbeidet drive heilt og fullt av frivillige, både innhaldsmessig og administrativt, men oftast er og kyrkeleg tilsette involverte og i leiarfunksjon. Diakonane spelar ei viktig rolle i oppfølging og samspel med dei frivillige.

I årsstatistikken finn me desse under rubrikkane «frivillig diakoni» og «frivillig annet», men det er vanskeleg å henta heilt eksakte tal ut av dette.

Me veit at dei frivillige gjev kontinuitet i arbeidet, er svært trufaste og blir lenge i oppgåvene. Dei har sterkt omsorgsevne og er stolte over deltakarane og arbeidet. Fellesskapet mellom frivillige og tilsette er godt, og teama har høg trivsel, godt samhald og inspirerer kvarandre.

Det blir arrangert leiarsamlingar på bispedømmeplan for frivillige i inkluderingsarbeidet. Rådgjevarane besøker arbeidet og deltek på leiarsamlingar lokalt, og det reiser både frivillige og tilsette på HEL-konferansar.

Rekruttering av nye frivillige skjer i stor grad gjennom personleg kontakt og spørsmål frå dei som driv arbeidet.

Me ser og at både weekendarbeidet og Solgården-prosjektet er viktig for rekruttering av frivillige, og for god trening, praksis og oppfølging for desse. Dette blir viktig å satsa målretta på vidare.



Frå Vedavågen kyrkje

Diakoni

I 2015 var det ein oppgang i talet på frivillige i det diakonale arbeidet i bispedømmet. Den har gått litt ned i 2016 men er framleis høg. Ei av årsakene til at det har blitt ein vekst i frivillige i diakoni, kan vera tiltaka mange kyrkjelydar har sett i gang for å inkludera flyktningane og asylsøkarane som kom til regionen vår i løpet av 2015-2016 .

Diakonane i kyrkja er ein viktig faglig ressurs for den frivillige tenesta i kyrkja. Dei prostia som ikkje har diakonstillingar har få frivillige.

God frivillig teneste skapar eigarforhold til tenesta og kyrkjelyden. Det er viktig at dei tilsette ikkje tek for stor plass, slik at dei frivillige bare får vera med å gjere det dei tilsette har tenkt. Mange blir motiverte av å vera med på heile prosessen og har veldig mykje å bidra med.

Kultur

Der er også fleire frivillige som er engasjert i dei ulike kyrkjelydane sitt kulturarbeid. Når me ser at det er rapportert 752 kulturarrangement i regi av dei ulike kyrkjelydane, med eit publikum på 83 674 veit me at frivillige her er med på mange nivå. Dei er med i både planlegging og gjennomføring av dei mange arrangementa.

Me ser at det er ei auke i talet på frivillige på kulturfeltet på meir enn 20 %. Det er også ei auke på prosenten frivillige innan kyrkjeleg kulturarbeid av frivillige totalt. I 2014 var det 8,5 prosent, mens det i 2015 var 10 %. Når me ser på kor mange som er frivillige innan kulturfeltet av talet på medlemmar i dei ulike prostia, peikar Ytre Stavanger seg ut med ein markant auke på nær 90 %. Elles ser me at og Tungenes ligg høgt på talet på frivillige.

| Frivillige, kultur 2014-2016 | | | | | |
|------------------------------|-------------|--------------|------------|----------------------------|-----------------------------|
| Prosti | 2014 | 2015 | differanse | Talet på frivillige totalt | % av ant frivillige, kultur |
| Dalane | 72 | 54 | -18 | 718 | 7,5 |
| Domprostiet | 168 | 121 | -47 | 1483 | 8,2 |
| Haugaland | 135 | 148 | 13 | 1496 | 9,9 |
| Jæren | 91 | 151 | 60 | 2334 | 6,5 |
| Karmøy | 79 | 112 | 33 | 1584 | 7 |
| Ryfylke | 101 | 127 | 26 | 1073 | 11,8 |
| Sandnes | 142 | 128 | -14 | 1703 | 7,5 |
| Tungenes | 189 | 242 | 53 | 1670 | 14,5 |
| Ytre Stavanger | 139 | 263 | 124 | 1391 | 19 |
| SUM | 1116 | 1 346 | 230 | 13 452 | 10 |

Mange av konsert- og kulturarrangementa blir planlagte og gjennomførte av kulturutval. Me reknar med at dei då er rapportert under frivillige i utval. Nokre av kora i kyrkjelydane blir også leia av frivillige. Me veit ikkje om frivillige dirigentar og leiarar i barne- og ungdomskor blir rapportert under kultur eller barn/ungdom.

Som ledd i satsinga på frivillige i kyrkjelydane hadde me eit seminar under fagsamlinga for kyrkjemusikarane i juni. Det hadde tittelen «*Frivillige medarbeidere. Hvordan rekrytere og inspirere? Hvilke behov har vi?*»

Oppsummering

At det er vanskeleg å halda ein kyrkjeleg årsrapport kort speglar at verksemda er stor. Ho femnar mange område og er viktig for menneske i alle lokalmiljø i Rogaland, i alle aldersgrupper, i både kvar dag og augneblink det bare finst nokre få av i livet.

Dei grunnleggande resultata er stabile. Utfordringane størst i forhold til dåp, ungdom og i forhold til rekrytering. Elles gler me oss over mange gode tal for 2016. Utan kyrkje ville det vore mindre høgtid, mindre omsorg, mindre fellesskap, mindre aktive lokalsamfunn, færre tilbod til barn og unge og tomtdar det nå er nærvær. Kyrkja viser seg som ein av dei største aktørane i det norske samfunnet, også i 2017.

IV. Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av opplegg for styring og kontroll

Mål- og resultatstyring er eit grunnleggande styringsprinsipp for Stavanger bispedømmeråd. Det samla resultatet er godt, jf. del III. Det er gjennomført risikoanalyser for ulike sider av verksemda.

Stavanger bispedømmeråd har i fleire år arbeidd med å bygge opp eit hensiktsmessig system for styring og kontroll basert på blant anna DFØ sine metodar. Den overordna, årlege risikovurderinga viser at risikobildet gjennomgående ikkje er kritisk, men inneheld nokre særlege utfordringar:

- Oppslutninga om dåp er fallande.
- Rekrutteringa til prestestillingar er på veg ned. Når mange prestar går av med pensjon dei nærmaste åra, kan dette etter kvar bli kritisk.
- For få tilbod til ungdom vil svekka kyrkja på lang sikt.

Leiinga sin årlege gjennomgang av status på styring og kontroll viser at system, rutinar og prosessar, gjennomgående fungerer godt. Følgjande punkt er vurdert spesielt:

- Verksemda si evne til å oppnå fastsette mål i tråd med Den norske kyrkja sitt oppdrag.
- Verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv ressursbruk
- Om sentrale risikofaktorar er innanfor eit akseptabelt nivå

Gjennomgangen viser at tiltak som er gjennomført tidlegare gjennomgående verker som forventa.

Den overordna risikovurderinga og gjennomgangen av status for styring og kontroll er dokumentert i tråd med gjeldande krav i økonomireglementet.

Det er for økonomiforvaltninga utarbeidd rutinar med risikovurderingar for å redusera risikoen for misleghald. I tillegg til dei etiske standardane som gjeld for statleg verksemde, ligg det føre eigne etiske retningslinjer for verksemda.

Me vurderer eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege sikkerheitshendingar innanfor våre ansvars- og myndighetsområder. Planverk ligg føre, og øving har vist at varslingsrutinane ved ulukker og større hendingar fungerer etter intensjonen.

Nærmare omtale av vesentlege forhold knytte til styring og kontroll:

Dåp

Oppslutninga om dåp er fortsatt fallande. Aksjonsperioden for dåp er nå avslutta, men mange av tiltaka frå denne held fram. Nokre stader har ein sett at utviklinga har snudd, men generelt på bispedømmenivå er det framleis nedgang i oppslutninga om dåp. Tempoet i nedgangen er redusert.

Rekruttering

Tabellen viser aldersfordelinga mellom fast tilsette prestar i Stavanger bispedømme:

| Aldersfordeling, presteskapet 2016 | | | | | | | | | |
|------------------------------------|-------------|------|------------|------|-----------|------|------------|------|--------|
| Alder | Under 40 år | | 40 - 49 år | | 50 -59 år | | Over 60 år | | Totalt |
| Ant/pst. | Ant. | Pst. | Ant. | Pst. | Ant. | Pst. | Ant. | Pst. | Ant. |
| Data | 15 | 15 % | 20 | 20 % | 26 | 26 % | 38 | 38 % | 99 |

Tabellen viser at 38 % av prestane er 60 år, og at det blir stort behov for å rekruttere nye prestar i åra som kjem. Når færre prestar blir utdanna, kan me koma til eit punkt der det ikkje blir mogeleg å rekruttere prestar til alle stillingar. Ei styring som sikrar at bispedømmet fyller si rolle i rekruttering til prestestillingar blir derfor avgjerande i åra som kjem.

Ungdom

Rapporten har vist at kyrkja sitt tilbod til ungdom pr. i dag ikkje er stort nok. Me har sett at oppslutninga heng saman med mengda av tilbod. Situasjonen på dette området utfordrer oss til å prioritera ressursar godt og satsa meir på ungdomsarbeid framover.

Økonomi

Med lønnssystemet for i dag, vil kostnadane til løn for presteskapet auka framover. Det verkar også som kyrkja møter årlege effektiviseringskrav. Framfor statsbudsjettet for i år, var det også usikkert kor stor tildeling kyrkja ville få.

Redusert tildeling vil få fylgjer for verksemda. Eit bispedømme kan først og fremst redusera utgifter ved å redusera talet på stillingar. Det fører igjen til redusert verksemrd. Dei store grepene her, handlar om å slå saman sokn og redusera talet på gudstenester og det lokalkyrklege tilbodet. Reduksjonar i administrasjonen på bispedømmenivå vil gjera det problematisk å løysa dei oppgåvane me har i dag. Det er stor samanheng mellom nivået på tildelinga og omfanget av verksemda.

Særleg alvorleg er det at ungdomsarbeid hører til dei sårbare og utsette områda i slike prioriteringar. Dette vil igjen kunne føre til svekka rekruttering og at kyrkja kjem inn i ein vond sirkel, der svekka ressurstilgang gir svekka verksemrd, som igjen gjev svekka resultat og därlegare grunnlag for ressurstildeling, ikkje ut frå dei reelle behova eller den strategiske utviklinga, men ut frå dei ytre, økonomiske rammevilkåra.

Forhold departementet har bedt om særskilt rapportering på

Oppfølging av revisjonsmerknadar fra Riksrevisjonen

Riksrevisjonen hadde ingen vesentlege merknader til rekneskapen for 2015.

Fellesføringar i staten

Fellesføringar i staten for 2016 gjeld styrking av kontakten mellom brukarane og forvaltninga. Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd sitt forvaltningsmessige arbeid er retta mot dei me er arbeidsgjevarar for. Me legg til grunn at i høve til våre tilsette gjennomfører me gode undersøkingar og har ein høveleg dialog, jamfør neste punkt om HMS.

HMS/arbeidsmiljø

Stavanger biskop arbeider målretta for å skape eit godt arbeidsmiljø. Det blir arbeidd etter eigen plan for HMS-arbeid. Det er gjennomført arbeidsmiljøundersøking blant dei tilsette prestane. Undersøkinga viser at arbeidsmiljøet jamt over blir opplevd som godt, med resultat som generelt utmerkar seg i positiv retning både samanlikna med tidlegare år og andre tilsvarande undersøkingar.

Over fleire år er det avdekkja at arbeidstakrar som oppfyller krava for sjukmelding likevel går på arbeid, og då særleg for å utføre arbeidsoppgåver i samband med kyrklege handlingar. Det er blitt klart gjennom oppfølging at dette ikkje skuldast at arbeidsgjevar forventar innsats frå prestar som er sjuke eller ikkje har system på plass som kan sikra vikar.

Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd har inngått IA-avtale.

Sjukefråveret i 2016 var i følgje DFØ/SAP på 1,9 % prosent. Det er ein reduksjon på 1,4 % i forhold til 2015, og lågast i landet. Sjukefråværet er høgre blant kvinner (4,7%) enn menn (1,0%). Sidan det er relativt få kvinner tilsett, gir individuelle endringar i denne gruppa større utslag.

Likestilling

Likestillingsplanen vår byggjer på både statlege og kyrkjelege styringsdokument. Den set opp ein rekke konkrete tiltak, mellom anna:

- Me oppmodar kvinner til å søkja stillingar, i prosti med kvinnedel på under 40 %. Bispedømmerådet skal sjå på om det bør innføra moderat kvotering som prinsipp ved tilsetjingar.
- Me ønsker å fylgja opp spesielt kvinner som studerer teologi på VID. Her er det for tida krevjande diskusjonar om kvinner og presteteneste.
- Me vil integrera kjønnsperspektiv i lønnsforhandlingar, kompetanseutvikling og kyrkjelydsutvikling.
- Me har ein aktiv livsfasepolitikk, med eige budsjett, mellom anna for å legga til rette for yngre prestar.
- Me ønsker å samla kvinnelege prestar i bispedømmet, for å kartlegga behov for tiltak.

Talet på tilsette, løn, deltidsstillingar, fast tilsette og vikarar, foreldrepermisjon og sjukemeldingar såg slik ut i 2016:

| Likestilling 2016 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|-----------------------------|---------------|----|-------|---------|---------------------|------|-------------|------|---------------------------------|------|--------------------------------|-------|--|--|--|--|--|--|--|--|
| | Kjønnsbalanse | | | Løn | Deltid ⁸ | | Midlertidig | | Foreldrepermisjon ¹⁰ | | Legemeldt fråvær ¹¹ | | | | | | | | | |
| | M | K | K % | K/M i % | M% | K% | M% | K% | M% | K% | M% | K% | | | | | | | | |
| Prost | 9 | 2 | 18 % | 102 % | 47 % | 53 % | 50 % | 50 % | 85 % | 15 % | 1,0 % | 4,7 % | | | | | | | | |
| Sokneprest | 58 | 9 | 13 % | 98 % | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Kapellan | 3 | 2 | 40 % | 96 % | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Andre | 10 | 6 | 38 % | 103 % | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Alle prestar | 80 | 19 | 19 % | 96 % | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Bispedømmekontoret | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Leiarar¹² | 3 | 1 | 25 % | 101 % | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Rådgjevarar | 5 | 7 | 58 % | 97 % | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Kontorstillinger | | 1 | 100 % | - | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Kontoret, samla | 8 | 9 | 53 % | 84 % | | | | | | | | | | | | | | | | |

⁸ Løn inkluderer ikkje fordelen ved å bu i prestebustad, for dei dette gjeld.

⁹ Her tel me kor mange tilsette som arbeidde deltid i 2016, uavhengig av konkret deltidsprosent. Tabellen blir mest meiningsfull om me slår heile gruppa saman.

¹⁰ Her tel me kor mange tilsette som har hatt permisjonar eller redusert arbeidstid i samband med omsorg for barn. Kontor og presteskap står samla.

¹¹ Her samlar me både kontor og presteskap, ut frå kva me har tilgang på av tal og fordi nokre av gruppene er så små at dei når terskelen for kva som vil oppgi personleg informasjon. Førebels brukar me tal for både legemeldt og eigenmeldt fråvær. Det eigemeldte fråværet var samla på 0,1 %, så det påverkar i liten grad tala.

¹² Biskopen er plassert i leiargruppa for kontoret.

Me har framleis svært låg kvinnedel i presteskapet. Dette ønsker me på generelt grunnlag å gjera noko med, men det viser seg at utviklinga går seint. Fyrst og fremst treng me flere kvinnelege teologar som ønsker å søkja presteteneste i Stavanger bispedømme. Me har ikkje hatt spesielle tiltak retta mot kvinner som søkergruppe. Bispedømmerådet sin uttalte politikk er å tilsetta fleire kvinner.

I 2016 var 27 % av søkerane til 8 utlyste prestestillingar kvinner. Det blei tilsett to kvinner i desse stillingane (25 %).

Det kan vera ei utfordring at nokre sokneråd ønsker seg mannleg prest når fleire i staben er kvinner. Sidan kvinner er overrepresenterte blant daglege leiarar, diakonar, trusopplærarar og kateketar, er det slik i mange kyrkjelydar, og me veit at kjønn då kan bli ein faktor i tilsetjingsprosessar lokalt som blir vektlagt på ein uheldig måte. Som tilsetjingsorgan har bispedømmerådet moglegheit til å motverka slike tendensar, og det blir også gjort.

Det er ikkje store lønsforskjellar mellom menn og kvinner i presteskapet, men totalt sett har kvinner litt lågare løn. I praksis heng dette meir saman med alder og type stilling enn kjønn. Det same gjeld på bispedømmekontoret, der lønnsforskjellane i praksis også speglar stillingskategori og erfaring meir enn kjønn.

Både deltidsarbeid og vikariat er jamt fordelt mellom menn og kvinner. Fleire menn enn kvinner har hatt foreldrepermisjon. Dette reflekterer samansetninga av presteskapet.

Sjukefråværet er høgre hjå kvinner enn hjå menn. Samla sett er det svært lågt.

Statistikken viser at det framleis er viktig å ha merksemda retta mot likestilling, særleg når det gjeld tilsetting, løn og kjønnsrepresentativitet i leiarstillingar.



I den politiske leiinga i Rogaland er kvinnene godt representert. Her ønsker fylkesordførar Solveig Ege Tengesdal og Stavanger-ordfører Christine Sagen Helgø velkommen til avskil med biskop Erling.

V. Vurdering av framtidsutsikter

2017 blir det fyrste året Den norske kyrkja har Kyrkjemøtet som øvste, styrande organ. Kyrkja blir sjølvstendig som rettsubjekt og arbeidsgjevar for presteskap, bispedømme og sekretariatet i Kyrkjerådet. Det gjev oss større ansvar og fokus på kva slags kyrkje me vil vera.

Me vil framleis vera folkekirkje. Framleis er om lag tre av fire rogalendingar medlemmar av kyrkja. Sjølv om det ikkje er sjølv sagt å vera kyrkjemedlem lengre, vel dei aller fleste å bli verande. Me må likevel arbeida for å halda på den breie oppslutninga, gjennom god kvalitet på tenester, gode møte med enkeltmenneske, eit godt lokalkirkjeleg tilbod, satsing på trusopplæring og god kommunikasjon på offentlege arenaar.

Trusopplæringa er både viktig og ressurskrevjande. Me treng framleis å skapa medvit om kor viktig trusopplæring er i organisasjonen vår, mellom tilsette og frivillige. Mykje i satsinga er godt etablert, men noko er sårbart og under utvikling. Det er viktig at både me som bispedømme og dei lokale kyrkjelydane prioriterer trusopplæringa vidare.

Det er skapt eit nytt medvit blant tilsette om kor viktig dåpen er for kyrkja. Me har grunnar til å tru at det er godt fokus på dåpsarbeid i kyrkjelydane. Framover må me ikkje minst gjea tru og kristent liv tydeleg på en måte mange kan knyta seg til. Det skjer både gjennom lokalkirkjelege møtepunkt og måten representantar for kyrkja står fram på, på fellesarenaar i samfunnet.

2017 er jubileumsår for reformasjonen. Det vil me markera i bispedømmet vårt, gjennom gudstenester og kulturelle arrangement. Den viktigaste reformasjonsmarkeringa skjer likevel når evangeliet blir forkjent, så folk kan sjå at Guds nåde og kjærleik er meint for dei, at det kristne håpet er ope for dei, at kallet til å elska Gud og andre menneske vil gje glede og meinings i deira kvar dag. Evangeliet har ikkje gått ut på dato, men behovet for å gje det tilgjengeleg er minst like stort i vår tid som i Tyskland på 500-talet.

Det er framleis lokal uro om likekjønna vigsel, særleg der lågkirkjeleg kristendom står sterkt og det finst reelle lokale alternativ til Den norske kyrkja. Dette vil me fylgia opp. Nokre få stadar kan lokale kyrkjelydar bli merkbart svekka fordi folk trekker seg ut. Samtidig har me førebels ikkje sett konkrete teikn til generell svekking av verksemda. Vår strategi er å gje rom for ulike syn, lytta ope og respektfullt til kvarandre og setja fokus på at me høyrer saman.

Ei anna side av dette er at mykje fokus på denne debatten fungerer därleg som kirkjeleg sjølvpresentasjon. På tvers av ulike syn har me felles interesser av å ikkje gjea dette til ei hovudsak for kyrkja. Det blir fort støy som stenger for andre, viktigare bodskap.

Eit av spenningsmomenta framover er kva ressursar kyrkja vil få til å driva verksemda. Det har mykje å seia for i kva grad me klarar vera til stades over alt på same måte som i dag.

Årsrapporten viser også at det er viktig korleis kyrkja skal styrast framover. Organisatoriske reformer må ikkje ta fokus frå verksemda utover, men leggja langsiktig og godt til rette for denne. Me er framleis ein komplisert organisasjon som kyrkje, med mange sjølvstendige einingar, ulike organ med leiaransvar og tilsette med stort sjølvstende i eiga teneste. Det er bra på mange måtar, men kan også nokre gongar begrensa rommet for samla satsingar og strategisk leiing, både nasjonalt, regionalt og lokalt.

I Stavanger har ein oppretta eit prosjekt kalla «Stavanger 2020». Me ser på korleis kyrkja skal organisera seg framover for å nå breiare ut til medlemmane. Prosjektet fokuserer på ungdom, diakoni og heilage handlingar, og ser på kva organisering som gjev best føresetnad for gode resultat. Både sokneråd, fellesråd og bispedømme er involverte i vurderingane. I 2016 har ein kartlagt situasjon, ressursar, behov, idear og ønske, frå i år av vil ein begynna å sjå på konkrete tiltak.

Også i Sandnes finst det eit prosjekt som ser på samordning mellom kyrkjelydar.

I bispedømmet blir også ulike forsøksordningar med kyrkeorganisering vurdert. Elles har fem sokn forsøk med samanslåtte sokneråd, og det kan bli aktuelt med samanslåing av sokn eller endringar av prostiorganisering framover.

Fleire kommunar i Rogaland vil bli slått saman, og dette vil også medføra endringar i den kyrkjelege organiseringa.

Sidan mykje er nytt i samband med verksemどsoverføringa, vil bispedømmearministrasjonen framleis ha mange oppgåver og høgt arbeidstrykk i 2017. Me ventar også mange endringar i prestegruppa dei nærmaste åra, sidan nær 40 prosent av prestane er over 60 år. Pensjon kan få mykje å seia for vår økonomi. Livsfasepolitikk og støtte for prestetenesta er ein viktig del av verksemda vår.

Likevel viser rapporten at me må halda fokus på både trusopplæring, dåp, ungdom og rekruttering. Satsingar kjem ikkje utan ressursar, og me må sjå på korleis me kan nytta eksisterande ressurs best mogleg. Ei av vurderingane handlar om me bør flytta ressursar frå gudstenester til andre deler av verksemda - eller utvikla nye gudsteneste- og gudstenesteliknande møtepunkt for nye grupper.

19. mars vil Ivar Braut bli vigsla til ny biskop i Stavanger. Saman vil me arbeida for at det skal bli meir himmel på jord for menneske i Stavanger bispedømme, og at dei som har sine liv her skal møta Jesus Kristus gjennom ei kyrkje som trur, opnar seg, deler og tener.



VI. Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2016

Formål

Stavanger bispedømmeråd er underlagt Kulturdepartementet. Stavanger bispedømmeråd er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnota til årsrekneskapen.

Hovudoppgåva for bispedømmerådet er regulert i kyrkjelova § 23: «Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte menighetsråd og andre lokale arbeidsgrupper innen bispedømmet.»

Bispedømmerådets mynde- og ansvarsområde fylgjer av kyrkjelova og gravferdslova, samt ved delegasjon av mynde frå Kulturdepartementet og Kyrkjemøtet. Viktige oppgåver for bispedømmerådet er knytt til prestetenesta og forvaltning av statlige tilskot. Bispedømmerådet skal vidare legga til rett for at mål og strategiar frå Kyrkjerådet blir implementerte i kyrkjelydane.

Vurdering av vesentlege forhold

Rekneskapen for 2016 er gjort opp med eit samla mindreforbruk på kr 3,9 millionar. Me har disponert løyvingar på utgiftssida á kr 100 024 000 (post 01), jf. løyvingsrapporteringa og note A. Bokførte driftsutgifter var kr 6,1 millionar lågare enn løyva, og samla inntekter blei kr 2,1 millionar lågare enn inntektskravet. Netto ubrukta midlar på kr 3,9 millionar er under 5 % av samla løyve, og me har søkt om å få overført mindreforbruket til neste år jf. utrekningar i note B.

Dei ubrukta midla blei høgre enn kva me forventa ved utgangen av august i fjor. Sjukefråværet blei svært lågt i 2016 og vikarutgiftene lågare enn estimert. Nokre planlagte investeringar og tiltak har blitt utsett. Avskjedsmarkeringane for avtroppande biskop blei mindre kostbare enn venta, fordi Stavanger kommune støtta dette økonomisk.

Me ventar at restmidla vil bli brukte opp i løpet av 2017. Det meste vil gå til å dekka lønnsutgifter til faste prestestillingar. I tillegg vil budsjettreserva frå 2016 bli brukt til å finansiera ekstraordinære utgifter i 2017 knytte til innsetjing av ny biskop og introduksjonsrunder for den nye biskopen i bispedømmet. Bispekkåpa er utslikt og ny må bestillast.

Sidan 2014 har det vore ubalanse mellom statlege tilskot og forbruk på presteskap og administrasjon i bispedømmet vårt. Utgiftene har vore høgare enn dei statlege tilskota. Dette har vore mogleg å ta høgd for på grunn av ekstraordinære tilhøve:

- ✓ Tilbakeføring av ubrukta reserver frå «Stiftelsen Stavanger bispedømme» på 3,8 millioner kr i 2014.
- ✓ Ettergjeving av skuldig husleige for perioden 2010-2015, for fellesareal i Statens hus, med kr 800 000 i 2016.

Eigentleg var det budsjettet med å bruka opp denne reserven innan utgangen av 2015, men grunna utsikter til betydeleg strammare økonomiske rammer frå og med 2016 haldt me bevisst igjen hausten 2015. Stram økonomistyring og positive utslag på fleire usikre postar gjorde at mindreforbruket blei kr 2,2 millionar høgare enn det me venta då budsjettet for 2016 ble vedteke. Me kunne valt å bruka opp heile reserven i 2016, og avlyst innsparingstiltaka på kr 1,9 millionar som låg til grunn for budsjettvedtaket for fjoråret. Det ville gitt ein krevjande prosess for å få balanse i budsjettet for 2017, med kutt tilsvarande utgifter til fire fulle stillingar. Me valde derfor å styra mot eit mindreforbruk også i

2016, for å ha ei reserve med oss inn i 2017. Med dette fekk sokn og fellesråd meir tid på førebu seg på dei kutta som må komma for å gje balanse mellom tilskot og talet på prestestillingar.

I juni 2016 vedtok bispedømmerådet å redusera talet på faste stillingar med 3,5. Kutta skal fordelast jamt mellom presteskapet og administrasjonen ved bispedømmekontoret. Den omforente lokale ressursmodellen ligg til grunn for korleis kutta skal fordelast mellom dei ulike prostia og sokna i bispedømmet. Det er smertefullt å måtta kutta prestestillingar i eit bispedømme som har langt fleire medlemmar og tenester per prest enn gjennomsnittet i landet elles. Me ser ingen andre måtar å oppnå ei forsvarleg balanse mellom inntekter og utgifter på for budsjettåret 2017.

Eit premiss for nedskjeringsprosessen har vært at ingen skal bli oppsagde. Derfor er me avhengige av at stillingar blir ledige, før bispedømmerådsvedtaket kan setjast i verk. Administrasjonen har arbeidd målretta med dette. Ved inngangen til 2017 er talet på årsverk redusert med 2,5. Grunna mindreforbruket me ventar å få med oss inn i 2017, vil dette vera godt nok for å få balanse i budsjetta for dette året. Den økonomiske situasjonen er likevel fortsatt alvorleg. I løpet av 2017 vil me bruka opp reserva frå tidlegare år, om ikkje inntektssida blir styrka, må talet på stillingar meir ned i 2018.

Prosjekt

Lønns- og personalutgifter som blir finansiert av eksterne samarbeidspartnerar blir ført på oppdragskonti (post 21/02). I alt har me ni kombinerte prestestillingar og to kombinerte stillingar i administrasjonen. Kurs og samlingar med eksterne inntekter blir også bokført på oppdragskonti. I 2016 var bokførte inntekter på post 02 lik bokførte utgifter på post 21.

Forvaltning av tilskot

Forvaltning og utbetaling av tilskot følger eige regelverk fastsett av departementet, jf. Økonomiregelverket i Staten. Stavanger bispedømmeråd fekk belastningsfullmakt frå Kyrkjerådet på totalt kr 44 160 000 for 2016. Me har utbetalt kr 12 975 000 av løyvinga på kr 13 183 000 på post 75 – tilskot til undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. For post 75 – tilskot til trusopplæring, er kr 30 715 000 utbetalt av løyvinga på kr 30 977 000. Me har søkt Kyrkjerådet om å overføre unytta tilskotsmidlar på totalt kr 470 000 til neste år.

Netto driftsutgifter post 01

Artskonto-rapporten viser at netto utgifter til drift, summerte seg til kr 92 668 873 i 2016. Dette er ei auka på kr 4,7 millionar samanlikna med 2015. Hovudårsaka er at utgifter til løn har auka med kr 4,6 millionar samanlikna med fjaråret.

Utbetalingar til løn og sosiale utgifter var på kr 85,6 millionar, mot kr 81,0 millionar i 2015. Dei auka lønnskostnadane er eit resultat av fleire ulike faktorar:

- Lønnsoppgjaret 2016 ga ei kostnadsauke på omkring kr 1,5 millionar.
- Innføring av arbeidstid for prestar frå 01.01.17, ga ei netto kostnadsauke på kr 1,2 millionar målt mot 2015.
- Utgifter til vikarar har auka med kr 1,2 millionar
- Auka kostnad til arbeidsgjevaravgift kr 664 000

Utgifter til løn og anna godtgjering

| Nøkkeltal fra årsrekneskapen* | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Tal årsverk | 107 | 109 | 111 | 112 | 107 |
| Lønnsdel av driftsutgifter | 84,80 % | 86,30 % | 86,20 % | 87,60 % | 88,46 % |
| Del lønn brukt i prestetenesta | 74,50 % | 75,30 % | 75,00 % | 76,80 % | 77,93 % |
| Lønn og godtgjering pr. årsverk | 643 308 | 653 189 | 670 544 | 698 838 | 800 668 |

Lønn utgjer 88,5 % av samla driftsutgifter, mot 87,6 % i 2015. Lønn brukt i prestetenesta har auka frå 76,8 % i 2015 til 77,9 % av samla driftsutgifter i 2016. Lønn og godtgjering per årsverk har auka frå kr 699 000 i 2015 til 800 000 i 2016. I Personalstatistikken for 2016 er det oppgitt at Stavanger bispedømmeråd har hatt 107 årsverk i 2016. Talet synast å vera for lågt, noko som gjer at berekna lønn og godtgjering per årsverk blir overvurdert.

Investeringar og andre driftskostnadar

Totalt er det investert i nytt inventar og IKT-utstyr for kr 663 020 i løpet av 2016. Kr 582 250 av denne investeringa er kjøp som enkeltvis hadde ein innkjøpspris på meir enn kr 30 000, ref. note 5.

Andre utgifter til drift er redusert med kr 687 000 målt mot fjoråret, ref. note 3. Samtidig er det ein reduksjon i utgifter refundert frå eksterne på kr 804 000, ref. note 1.

Mellomvære med statskassen

Mellomvære med statskassen er gjort opp per 31.12.16. Skuldig skattetrekk for 6. termin 2016 blei betalt før årsskiftet, mot normalt 15. januar påfølgande år.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avgjort i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, jf. rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i verksemd- og økonomiinstruks for bispedømmeråda i Den norske kyrkja av 31.01.2013. Stiftsdirektøren meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av Stavanger bispedømmeråd sine disponibele løyvingar, regnskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Stavanger, 1. mars 2017

Lars-Tore Anda

Lars Tore Anda
Leiar, Stavanger bispedømmeråd

Jorunn Kraft Vistnes

Jorunn Kraft Vistnes
Stiftsdirektør

Prinsippnote

Årsrekneskapen for Stavanger bispedømmeråd er utarbeidd og avgjort etter nærmere retningslinjer fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» («bestemmelsene»). Årsrekneskapen er i tråd med krav i vedtektenes punkt 3.4.1, nærmere vedtekter i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2016 og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement.

Oppstilling av løyvingsrapporteringa og artskonto-rapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i vedtektenes punkt 3.4.2 – dei grunnleggende prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen fylgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp
- d) Rekneskapen er utarbeida i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av løyvings- og artskonto-rapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplaner. Prinsippa korresponderer med krav i vedtektenes punkt 3.5 til korleis verksemndene skal rapportere til statsrekneskapen. Linja “Netto rapportert til løyvingsrekneskapen” er lik i begge oppstillingane.

Verksemda var i 2016 tilknytt statens konsernkontoordning i Noregs Bank i medhald av krav i vedtektenes pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har trekkrett på egen konsernkonto. Når året er slutt, blir saldoen på den enkelte oppgjørskonto nullstilt.

Løyvingsrapportering

Oppstilling av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapportering og ein nedre del som viser kva behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Den blir stilt opp etter dei kapittel og postar i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonna «samla løyving» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for ulike kombinasjonar av kapittel/post.

Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og gjeld verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste ei annan verksemde sin kombinasjon av kapittel/post (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla løyving, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsrekneskapen og blir vist i kolonnen for rekneskap. Belastningsfullmakter gitt til andre er inkludert i kolonnen for samla løyving, men blir ikkje bokført og rapportert til statsregnskapet frå verksemda sjølv. Belastningsfullmakter gitt til andre blir bokførte og rapporterte av verksemda som har mottatt belastningsfullmakta og blir derfor ikkje vist i kolonna for rekneskap. Fullmaktene som verksemda har gjeve til andre kjem fram i note B til løyvingsrapporteringa.

Artskonto-rapportering

Oppstillinga av artskonto-rapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomveret med statskassen. Artskonto-rapporteringa viser rekneskapstall som Stavanger bispedømmeråd har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Stavanger bispedømmeråd hadde i 2016 ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Noregs bank. Løyvingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av bevilningsrapportering 31.12.2016

| Urgiftskapittel | Kapittelnavn | | Post | Posttekst | Note | Samlet tildeling* | Regnskap 2016 | Merutgift (-) og mindreutgift |
|------------------------|----------------------------|--|------|--------------------------|------|-------------------|---------------|-------------------------------|
| 0340 | Driftsutgifter | | ✓ 01 | Driftsutgifter | A, B | 100 024 000 | 93 965 358 | 6 058 642 |
| 0340 | Spesielle driftsutgifter | | ✓ 21 | Spesielle driftsutgifter | A,B | 1 012 000 | 2 984 175 | -1 972 175 |
| 0340 | Tilskudd til trosopplæring | | ✓ 75 | Tilskudd | | 43 690 178 | | |
| <i>Sum utgiftsført</i> | | | | | | 101 036 000 | 140 639 711 | |

| Inntektskapittel | Kapittelnavn | | Post | Posttekst | | Samlet tildeling* | Regnskap 2016 | Merinnekt og mindreinnukt(-) |
|--|---|--|------|--------------------|------|-------------------|---------------|------------------------------|
| 3340 | Diverse inntekter | | ✓ 01 | Driftsinntekter | A, B | 2 854 000 | 714 234 | -2 139 766 |
| 3340 | Inntekter ved oppdrag | | ✓ 02 | Ymse | A, B | 1 012 000 | 2 984 176 | 1 972 176 |
| 5309 | Tifeldige inntekter, ymse | | ✓ 29 | Ymse | | 0 | 158 912 | |
| 5700 | Folketrygden - arbeidsgiveravgift | | ✓ 72 | Arbeidsgiveravgift | | 0 | 10 693 312 | |
| <i>Sum inntektsført</i> | | | | | | 3 866 000 | 14 550 634 | |
| <i>Netto rapportert til bevilningsregnskapet</i> | | | | | | | | 126 089 077 |
| Kapitalkontoer | | | | | | | | |
| 60068501 | Norges Bank KK /innbetalinger | | | | | | 6 191 260 | |
| 60068502 | Norges Bank KK/utbetalinger | | | | | | -136 166 319 | |
| 703877 | Endring i mellomværende med statskassen | | | | | | 3 885 982 | |
| <i>Sum rapportert</i> | | | | | | 0 | 0 | |
| Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12) | | | | | | | | |
| 703877 | Mellomværende med statskassen | | | | | 0 | -3 885 982 | 3 885 982 |

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

| Kapittel og post | Overført fra i fjor | Årets tildelinger | Samlet tildeling |
|------------------|---------------------|-------------------|------------------|
| 0340.01 | 4 202 000 | 95 822 000 | 100 024 000 |
| 0340.21 | | 1 012 000 | 1 012 000 |
| 3340.01 | | 2 854 000 | 2 854 000 |
| 3340.02 | | 1 012 000 | 1 012 000 |

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning

| Kapittel og post | Merutgift(-)/ mindre utgift | Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter | Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt | Sum grunnlag for overføring | Maks. overførbart beløp * | Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten |
|-------------------|-----------------------------|--|--|-----------------------------|---------------------------|--|
| 0340.01 / 3340.01 | 6 058 642 | 6 058 642 | -2 139 766 | 3 918 876 | 4 648 400 | 3 918 876 |
| 0340.21 / 3340.02 | -1 972 175 | -1 972 176 | 1 972 176 | 0 | 0 | 0 |

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottatte belastningsfullmakter

Stavanger bispedømmeråd fekk belastningsfullmakt frå Kyrkjerådet på totalt kr 44 160 000 for 2016 på post 75. Me har utbetalt kr 12 975 000 av løyvinga på kr 13 183 000 på post 75 – tilskot til undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. For post 75 – tilskot til trusopplæring, er kr 30 715 000 utbetalt av løyvinga på kr 30 977 000. Me har søkt Kyrkjerådet om å overføre unytta tilskotsmidlar på totalt kr 470 000 til neste år.

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2016

| | Note | 2016 | 2015 |
|---|------|--------------------|--------------------|
| Driftsinntekter rapportert til bevilningsregnskapet | | | |
| Innbetalinger fra tilskudd og overføringer | 1 | 393 192 | 913 913 |
| Salgs- og leieinnbetalinger | 1 | 3 305 218 | 3 588 517 |
| <i>Sum innbetalinger fra drift</i> | | <i>3 698 410</i> | <i>4 502 430</i> |
| Driftsutgifter rapportert til bevilningsregnskapet | | | |
| Utbetalinger til lønn | 2 | 85 671 491 | 81 053 767 |
| Andre utbetalinger til drift | 3 | 10 695 792 | 11 383 168 |
| <i>Sum utbetalinger til drift</i> | | <i>96 367 283</i> | <i>92 436 935</i> |
| Netto rapporterte driftsutgifter | | 92 668 873 | 87 934 505 |
| Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilningsregnskapet | | | |
| Innbetaling av finansinntekter | 4 | 0 | 0 |
| <i>Sum investerings- og finansinntekter</i> | | <i>0</i> | <i>0</i> |
| Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilningsregnskapet | | | |
| Utbetaling til investeringer | 5 | 582 250 | 181 935 |
| <i>Sum investerings- og finansutgifter</i> | | <i>582 250</i> | <i>181 935</i> |
| Netto rapporterte investerings- og finansutgifter | | 582 250 | 181 935 |
| Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten | | | |
| Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m. | 6 | 167 | 0 |
| <i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i> | | <i>167</i> | <i>0</i> |
| Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten | | | |
| Utbetalinger av tilskudd og stønader | 7 | 43 690 178 | 43 630 000 |
| <i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i> | | <i>43 690 178</i> | <i>43 630 000</i> |
| Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler * | | | |
| Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt) | | 158 745 | 164 877 |
| Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt) | | 10 693 312 | 10 100 727 |
| <i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i> | | <i>-10 852 057</i> | <i>-10 265 604</i> |
| Netto rapportert til bevilningsregnskapet | | 126 089 077 | 121 480 837 |

Oversikt over mellomværende med statskassen **

| Eiendeler og gjeld | 2016 | 2015 |
|--|-------------|-------------------|
| Fordringer | 0 | 19 152 |
| Skyldig skattetrekk | 0 | -3 907 291 |
| Annen gjeld | 0 | 2 157 |
| Sum mellomværende med statskassen | 8 | -3 885 982 |

Note 1 Innbetalinger fra drift

| | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
|---|-------------------|-------------------|
| <i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i> | | |
| Tilskudd fra andre statlige virksomheter | 322 755 | 591 763 |
| Tilskudd fra kommunale og fylkeskommunale etater | 0 | 65 000 |
| Tilskudd fra organisasjoner og stiftelser | 70 437 | 257 150 |
| Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer | 393 192 | 913 913 |
| <i>Salgs- og leieinnbetalinger</i> | | |
| Salgsinntekt varer, utenfor avgiftsområdet | 6 430 | 12 126 |
| Salgsinntekt tjenester, utenfor avgiftsområdet | 138 600 | 175 368 |
| Eksterne refusjonsinntekter | 2 700 246 | 2 936 916 |
| Tilfeldige inntekter | 64 831 | 138 906 |
| Kursinntekter | 395 111 | 325 201 |
| Sum salgs- og leieinnbetalinger | 3 305 218 | 3 588 517 |
| Sum innbetalinger fra drift | 3 698 410 | 4 502 430 |

Note 2 Utbetalinger til lønn

| | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
|------------------------------------|-------------------|-------------------|
| Lønn | 75 215 320 | 72 091 615 |
| Arbeidsgiveravgift | 10 693 312 | 10 100 727 |
| Sykepenger og andre refusjoner (-) | -1 520 822 | -2 214 700 |
| Andre ytelser | 1 283 682 | 1 076 125 |
| Sum utbetalinger til lønn | 85 671 491 | 81 053 767 |
| Antall årsverk: | 107 | 112 |

Note 3 Andre utbetalinger til drift

| | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
|---|-------------------|-------------------|
| Husleie | 2 080 803 | 1 492 400 |
| Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler | 544 712 | 644 556 |
| Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv. | 2 298 | 0 |
| Mindre utstyrssanskaffelser | 80 770 | 87 944 |
| Leie av maskiner, inventar og lignende | 321 871 | 308 267 |
| Kjøp av fremmede tjenester | 1 948 253 | 2 168 202 |
| Reiser og diett | 3 562 699 | 4 185 283 |
| Øvrige driftsutgifter | 2 154 387 | 2 496 516 |
| Sum andre utbetalinger til drift | 10 695 792 | 11 383 168 |

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

| | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
|---|------------|------------|
| <i>Innbetaling av finansinntekter</i> | | |
| Renteinntekter | 0 | 0 |
| Valutagevinst | 0 | 0 |
| Annen finansinntekt | 0 | 0 |
| Sum innbetaling av finansinntekter | 0 | 0 |

| | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
|---|------------|------------|
| <i>Utbetaling av finansutgifter</i> | | |
| Renteutgifter | 0 | 0 |
| Valutatap | 0 | 0 |
| Annen finansutgift | 0 | 0 |
| Sum utbetaling av finansutgifter | 0 | 0 |

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

| | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
|---|----------------|----------------|
| <i>Utbetaling til investeringer</i> | | |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende | 582 250 | 181 935 |
| Sum utbetaling til investeringer | 582 250 | 181 935 |

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

| | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
|---|------------|------------|
| Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929) | 167 | 0 |
| Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten | 167 | 0 |

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

| | 31.12.2016 | 31.12.2015 |
|--|-------------------|-------------------|
| Tilskudd til menigheter og fellesråd | 43 690 178 | 43 630 000 |
| Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten | 43 690 178 | 43 630 000 |

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

| | 31.12.2016 | 31.12.2016 | |
|-------------------------------------|---|---|-----------|
| | Spesifisering av <u>bokført</u> avregning med statskassen | Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomværende med statskassen | Forskjell |
| Omløpsmidler | | | |
| Kundefordringer | 0 | 0 | 0 |
| Andre fordringer | 0 | 0 | 0 |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum</i> | 0 | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | 0 | 0 | 0 |
| Skyldig skattetrekk | 0 | 0 | 0 |
| Skyldige offentlige avgifter | 0 | 0 | 0 |
| Annен kortsiktig gjeld | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum</i> | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 0 | 0 | 0 |

Vedlegg

Verktøykasse, Aksjon dåp.
Konfirmasjonssatsing.

Årsplan 2016 og 2017